Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

Rapport nr. 5/2023

# Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2023

# Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2023

Redaktør:
Kristine Offerdal

Forfattarar:
Anders Alvsåker Didriksen, Carl Endre Espeland, Kjerstin Bruvold Klokkeide, Therese Halvorsen Røst (prosjektleiar)

Andre bidragsytarar:
Ane Naalsund Igland, Ole Henning Vårdal og Åsgeir Kjetland Rabben

ISSN 2703-9102
Utgitt: 06/2023
© Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

# Forord

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) utarbeidar årleg Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Tilstandsrapportane skal vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for styring av sektoren, for forvaltningsorgana og ikkje minst for sektoren sjølv.

Tala som vert nytta i rapporten er innrapporterte frå fagskular og fylkeskommunar til Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-F) som er drifta av HK-dir. Tala er kvalitetssikra og sett i samanheng, og rapporten beskriv fagskulesektoren i tal og analyser om studentar, fagskular, utdanningstilbod og økonomi for 2022. Vi arbeider kontinuerleg med utvikling av rapportane, slik at dei er tilpassa ein sektor i vekst og endring.

Sektorbiletet fyrst i rapporten viser nasjonale nøkkeltal frå dei siste tre åra innan dei ulike områda rapporten dekker. I år har vi òg sist i rapporten eit utval nøkkeltal om fagskulesektoren i kvart av dei ulike fylka.

HK-dir takkar Kunnskapsdepartementet for oppdraget og for tilbakemeldingar undervegs i prosessen.

# Sektorbilete

| Fagskular | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Tal på skular | 63 | 61 | 58 |
| Offentleg eigarskap | 19 | 16 | 16 |
| Privat eigarskap | 44 | 45 | 42 |
| Tal på fagskular med færre enn 50 studentar | 22 | 17 | 19 |
| Tal på fagskular med fleire enn 500 studentar | 16 | 16 | 16 |
| **Tal på utdanningstilbod etter fagområde** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 437 | 495 | 685 |
| Kreativ | 142 | 145 | 160 |
| Samferdsel | 54 | 55 | 58 |
| Teknisk | 379 | 444 | 508 |
| Økonomi- og administrasjon | 240 | 299 | 406 |
| Anna | 57 | 60 | 64 |
| Uoppgitt | 21 | 23 | 28 |
| **Fagskulestudentar** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Tal på studentar[1] | 23 279 | 28 241 | 27 972 |
| Kvinner | 47% | 46% | 45% |
| Menn | 53% | 54% | 55% |
| Tal på uteksaminerte studentar | 7 753 | 9 846 | 10 157 |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 5 853 | 6 118 | 6 507 |
| Kreativ | 2 486 | 2 806 | 2 618 |
| Samferdsel | 1 592 | 1 512 | 1 370 |
| Teknisk | 8 610 | 10 876 | 11 644 |
| Økonomi- og administrasjon | 3 635 | 5 363 | 4 859 |
| Anna | 449 | 692 | 677 |
| Uoppgitt | 654 | 874 | 297 |
| **Kjønnsfordeling på dei største fagområda** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Teknisk, andel kvinner | 11% | 13% | 13% |
| Helse- og velferd, andel kvinner | 89% | 87% | 87% |
| Økonomi- og administrasjon, andel kvinner | 71% | 69% | 68% |
| **Opptaksgrunnlag** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Generell studiekompetanse | 25% | 28% | 23% |
| Realkompetanse | 15% | 14% | 17% |
| Yrkesfagleg kompetanse | 56% | 54% | 56% |
| Anna kompetansegrunnlag | 4% | 5% | 4% |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statleg tilskot til drift forvalta av fylkeskommunane | 834,7 mill. | 987,6 mill.. | 1 130,8 mill. |
| Tilskot frå fylkeskommunanes frie midlar | 103,2 mill. | 148,9 mill. | 133,2 mill. |
| Tilskot til statlege fagskular | 126,8 mill. | 74 mill. | 136,9 mill. |
| Skulepengar, private skular | 671,1 mill. | 747,6 mill. | 768,1 mill. |
| Skulepengar, offentlege skular | 20,8 mill. | 23,7 mill. | 39,9 mill. |
| Statlege prosjektmidlar[2] | 109,6 mill. | 193 mill. | 177,2 mill. |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

[1] Talet inkluderer aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[2] For 2021 inkluderer dette 7,5 mill. kr i tildeling frå Landbruks- og matdepartementet til Norsk hestesenter. Det tilskotet er ikkje inkludert i tala for 2020 eller 2022.

# Samandrag

Tilstandsrapporten tar for seg høgare yrkesfagleg utdanning i 2022 frå ulike perspektiv. Kapittel 3 handlar om studentane. Etter fleire år med auke i talet på studentar innan høgare yrkesfagleg utdanning, ser vi i 2022 ei utflating. Denne utflatinga skuldast i stor grad ein vesentleg nedgang i talet på studentar på dei korte tilboda under 60 studiepoeng. Sjølv om vi ser ei utflating i talet på studentar, er det ein tydeleg vekst i studiepoengproduksjonen. Dette heng saman med auken i talet på studentar dei føregåande åra og at desse studentane framleis avlegg eksamenar ved fagskulane. Vi ser òg at dei fleste studentane tar ein fagskulegrad eller ein høgare fagskulegrad.

Tekniske fag er framleis fagområdet med flest studentar etterfølgt av helse og velferd og økonomi og administrasjon (økadm). Studenttalet aukar framleis innan teknisk og helse og velferd, medan vi for økadm sin del ser ein nedgang etter nokre år med stor vekst, sjølv om det har vore ein stor auke i utdanningstilbodet innan dette fagområdet.

Studentanes profil kjenner vi att frå tidlegare år. Vi ser likevel at snittalderen er på veg opp, han har sidan 2018 auka frå 31 til 33 år. I gjennomsnitt var dei mannlege studentane 31 år, medan kvinnene var 35 år, men det er snittalderen for menn som aukar mest. For mannlege studentar ser vi at den største gruppa er i alderen 20–24 år, og så minkar andelen menn ved aukande alder. For kvinner sin del er andelen relativt jamn frå 20–50 år.

Talet på studentar som tar utdanninga på deltid var om lag 70 prosent i 2022. Det er omtrent same som i 2021. Her skil helse og velferd seg ut, der nesten alle studentane studerer på deltid, men òg innan tekniske fag og i økonomi- og administrasjonsfaga var majoriteten av studentane deltidsstudentar. Auken i andelen studentar på nett- og samlingsbaserte utdanningstilbod fortsette òg i 2022, og utgjorde om lag 60 prosent av studentane.

I 2022 vart heile 17 prosent av studentane tatt opp på grunnlag av realkompetanse, mot 14 prosent i 2021. andelen studentar som er tatt opp på grunnlag av realkompetanse aukar innan alle fagområde, særleg innan tekniske fag.

Andelen som fullfører på normert tid går noko ned for 2022 i høve til tidlegare år. Det er særleg i helse- og velferdsfaga at vi ser utfordringar med fullføringa innanfor normert tid. Vi ser òg at stadbasert undervisning har høgast fullføringsgrad på normert tid, medan studentane med nettbasert undervisning har lågast fullføringsgrad på normert tid.

Det er stadig studentar med bakgrunn frå eit universitet eller høgskule som finn vegen inn i høgare yrkesfagleg utdanning og motsett. I 2022 var det om lag 24 prosent av studentane i høgare yrkesfagleg utdanning som tidlegare hadde vore registrert som student ved ein høgskule eller et universitet. Årleg går om lag ti prosent av studentane frå fagskulane vidare til eit universitet eller ein høgskule same året som dei er ferdig ved fagskulen, medan andre i same årskull kan starte seinare år. Talet på studentar frå eit årskull som ein seinare finn som studentar ved ein UH-institusjon aukar soleis for kvart år. Av studentane som vart uteksaminert i 2018 er det om lag 19 prosent som seinare har studert ved eit universitet eller ein høgskule.

I kapittel 4 ser vi på fagskulane og utdanningstilboda innan høgare yrkesfagleg utdanning. Hausten 2022 var det 58 fagskular med til saman 170 ulike studiestadar. Det er altså ein

nedgang i talet på fagskular samtidig som det er ein auke i talet på studiestadar. Dette er ei ønska utvikling, og er eit resultat av oppkjøp og samanslåingar til større og meir robuste einingar. I tillegg til dei 58 fagskulane som er talde på hausten 2022, har det kome til fem nye fagskular i løpet av 2022 som førebels står utan registrerte studentar.

Ein ser òg at det er store skilnader i fagskuletilbodet mellom fylka. På den eine sida finn ein Oslo med det største tilbodet med 16 fagskular og 25 studiestader. På den andre sida finn ein Møre og Romsdal med 2 fagskular og 4 studiestadar. Sjølv om det er ein liten auke i talet på fagskular med mindre enn 50 studentar, er tendensen at det går mot færre og større fagskular.

Dei siste åra har vi sett ei stor utvikling i fagområdeakkreditering. Det er stadig fleire fagskular som får fagområdeakkreditering innan eitt eller fleire fagområde. I 2022 fekk to fagskular fagområdeakkreditering, og det er no totalt gitt 17 fagområdeakkrediteringar, fordelt på ni fagskular.

Talet på utdanningstilbod går stadig oppover. Hausten 2022 var det registrert meir enn 600 unike utdanningstilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning. Flest finn ein innan tekniske fag, tett etterfølgd av økonomiske- og administrative fag, og helse- og velferdsfag.

I kapittel 5 ser vi på styring og økonomi innan høgare yrkesfagleg utdanning. Nytt i år er at vi òg har inkludert egne tabellar med eit nærbilete av fagskulesektoren i kvart fylke.

Finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning har i hovudsak tre kjelder, statleg driftstilskot, studentbetaling, og konkurransebaserte prosjektmidlar. I 2022 disponerte fagskulesektoren til saman om lag 2,39 milliardar kroner. Dette er om lag 160 millionar kroner meir enn i 2021.

# Innhald


Sektorbilete ........ 2

Samandrag ........ 3

Innhald ........ 5

Figurar ........ 6
Tabellar ........ 7
Tekstboksar ........ 7
Vedlegg ........ 8

1 Innleiing ........ 9

2 Metode og datagrunnlag ........ 11

2.1 Metode og datagrunnlag ........ 11
2.2 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar ........ 13
2.3 Digitale vedlegg ........ 14

3 Studentane ........ 15

3.1 Studentar og studiepoeng ........ 15
3.2 Tilgang til utdanning og geografisk spreiing ........ 18
3.3 Fordeling av studentar på fagområde ........ 20
3.4 Alder og kjønn ........ 24
3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod ........ 27
3.6 Opptaksgrunnlag ........ 31
3.7 Fullføring på normert tid ........ 36
3.8 Uteksaminerte studentar ........ 40
3.9 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular ........ 43

4 Fagskular og utdanningstilbod ........ 47

4.1 Fagskular og studiestader ........ 48
4.2 Storleiken på fagskulane ........ 54
4.3 Fagområdeakkreditering og utdanningstilbod ........ 58
4.4 Utdanningstilboda: gradar og studiepoeng ........ 61
4.5 Utdanningstilbod på heil- og deltid ........ 63
4.6 Stadbaserte, samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar ........ 64

5 Styring og økonomi ........ 66

5.1 Styring gjennom tilskot ........ 66
5.2 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning ........ 67
5.3 Studentar og fagområde etter finansiering ........ 73
5.4 Utviklinga i sektoren frå eit økonomisk perspektiv ........ 75
5.5 Eit nærbilete av høgare yrkesfagleg utdanning i fylkeskommunane ........ 78

6 Litteraturliste ........ 89

## Figurar

Figur 3.1 Studentar og studiepoengeiningar etter eigarskap, 2016–2022 ... 16
Figur 3.2 Studentar etter fylke og eigarskap, 2022 ... 18
Figur 3.3 Andel studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform, 2022 ... 19
Figur 3.4 Studentar per fagområde, 2018–2022 ... 20
Figur 3.5 Andel studentar etter fagområde, 2018–2022 ... 21
Figur 3.6 Andel studentar, fordelt på fagområde og fylke, 2022 ... 22
Figur 3.7 Andel studentar etter alder og fagområde, 2022 ... 24
Figur 3.8 Andel studentar etter kjønn og alder, 2022 ... 25
Figur 3.9 Andel studentar etter kjønn og fagområde, 2018–2022 ... 26
Figur 3.10 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde, 2022 ... 27
Figur 3.11 Studentar etter utdanningsform, 2018–2022 ... 29
Figur 3.12 Nye studentar etter opptaksgrunnlag, 2018–2021 ... 31
Figur 3.13 Nye studentar etter opptaksgrunnlag per fagområde, 2022 ... 32
Figur 3.14 Nye studentar i 2022 ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder. ... 33
Figur 3.15 Nye studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse fordelt på fagområde, 2018–2022 ... 34
Figur 3.16 Fullføringsgrad på normert tid per fagområde for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2020–2022 ... 37
Figur 3.17 Fullføringsgrad på normert tid etter utdanningsform for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2020–2022 ... 38
Figur 3.18 Fullføringsgrad på normert tid etter heiltid og deltid, for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2020–2022 ... 39
Figur 3.19 Uteksaminerte studentar med fagskulegrad og høgare fagskulegrad per fagområde, 2018–2022 ... 40
Figur 3.20 Fagskulestudentar tidlegare registrert ved UH-institusjon, etter fagområde 2019–2022 ... 44
Figur 4.1 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular, 2022 ... 51
Figur 4.2 Geografisk plassering av studiestader ved offentlege og private fagskular, 2022 52
Figur 4.3 Studiestadar ved offentlege og private fagskular, haust 2013–2022 ... 53
Figur 4.4 Fagskular og studentar etter eigarskap, 2016–2022 ... 54
Figur 4.5 Fagskular etter storleik. Haust 2016, 2021 og 2022 ... 55
Figur 4.6 Fagskular etter fagområde og eigarskap, haust 2022 ... 56
Figur 4.7 Fagskular etter fylke og storleik, haust 2022 ... 57
Figur 4.8 Utdanningstilbod etter fagområde per år, haust 2018–2022 ... 60
Figur 4.9 Fordelinga av studie- og utdanningstilbod etter tilbodas omfang målt i studiepoeng, haust 2022 ... 61
Figur 4.10 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng, haust 2022 ... 62
Figur 4.11 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde, haust 2022 ... 63
Figur 4.12 Utdanningstilbod etter undervisningsformer, 2022 ... 64
Figur 4.13 Utdanningstilbod innan ulike utdanningsformer etter fagområde, 2022 ... 65
Figur 5.1 Ulike finansieringskjelder, 2022 ... 67
Figur 5.2 Tal på studentar etter finansiering og skulepengar ved offentlege og private fagskular, 2022 ... 70
Figur 5.3 Studentar etter fagområde og tilskot, alle utdanningstilbod, 2022 ... 73
Figur 5.4 Studentar på offentleg finansierte utdanningstilbod, 2018–2022 ... 76
Figur 5.5 Studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod, 2018–2022 ... 77

## Tabellar

Tabell 2.1 Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF), versjon 1.15 ............... 13
Tabell 3.1 Studentar på kortare studietilbod, kortare utdanningstilbod og fagskulegradar, 2022 ........ 17
Tabell 3.2 Studentar på heiltid og deltid etter alder, 2022 ........ 28
Tabell 3.3 Studentar på korte studietilbod under 30 studiepoeng fordelt på fagområde, 2021–2022 ........ 30
Tabell 3.4 Fullføring på normert tid, 2018–2022 ........ 36
Tabell 3.5 Fagskulestudentar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, 2019–2022 ........ 45
Tabell 3.6 Fagskulestudentar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, fordelt på fagområde, 2022 ........ 46
Tabell 4.1 Organisasjonsendringar i 2022 ........ 48
Tabell 4.2 Nye organisasjonar med akkreditering som fagskule i 2022, men foreløpig utan studentar ........ 49
Tabell 4.3 Fagskular og studiestadar per fylke, haust 2022 ........ 50
Tabell 4.4 Fagskular med fagområdeakkreditering, 2022 ........ 58
Tabell 4.5 Utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, 2022 ........ 59
Tabell 5.1: Statleg driftstilskot forvalta av fylkeskommunane og tilskot frå fylkeskommunane sine frie midlar per fylke. Rapportert tildelt til fagskular i 2022. ........ 69
Tabell 5.2 Statlege prosjektmidlar tildelt i 2022 ........ 72

## Tekstboksar

Tekstboks 1 Evaluering av fagskulemeldinga ........ 10
Tekstboks 2 Utdanning og karriererettleiing ........ 23
Tekstboks 3 Høg arbeidsmarknadsrelevans i høgare yrkesfagleg utdanning ........ 42
Tekstboks 4 Handlingsplan for universell utforming ........ 47

## Vedlegg

Vedlegga er digitale og kan lastast ned frå https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2023. Der finn ein og tabellgrunnlag for alle figurane i rapporten.

V1. Studentar per fylke i offentlege og private fagskular 2018–2022
V2. Studentar fordelt på fagområde og eigarskap 2018–2022
V3. Studentar etter fylke og finansieringsform 2019-2022
V4. Studentar etter bustadfylke, studiefylke og utdanningsform, 2022
V5. Studentar ved offentleg og private fagskular, haust 2018–2022
V6. Studentar ved offentlege og private fagskular, fordelt på institusjonar, haust 2018–2022
V7. Studentar etter fylke og utdanningsform, 2018–2022
V8. Studentar etter utdanningstilbod og alder, 2018–2022
V9. Studentar etter utdanningsform, heiltid, deltid og alder, 2022
V10. Andel studentar på tekniske fag etter kjønn og alder, 2022
V11. Andel studentar på helse og velferd etter kjønn og alder
V12. Studentar etter fagområde og opptaksgrunnlag, 2018–2022
V13. Nye studentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder, 2018–2022
V14. Fagskulestudentar som seinare var registrert som studentar ved ein UH-institusjon, fordelt på opptaksgrunnlag, 2022
V15. Studentar fullført på normert tid etter opptaksgrunnlag og eigarskap, 2022
V16. Studentar med bestått utdanningstilbod vår 2022 etter fagområde og alder
V17. Studentar med bestått utdanningstilbod etter fagområde, studiepoeng og alder
V18. Avsluttande vurdering av emne, fordelt på eigarskap. Strykprosent og absolutte tal, vår 2018–2022
V19. Strykprosent i avsluttande vurdering av emnar fordelt på fagområde og eigarskap. 2018–2022
V20. Studentar etter statsborgarskap 2018–2022
V21. Fagskular etter fylke og eigarforhold, 2018–2022
V22. Fagskular etter utdanningskategori og storleik, 2022
V23. Studietilbod etter fagområde og studiepoeng, 2022
V24. Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng, haust 2018–2022
V25. Studietilbod etter fagområde og utdanningsform, 2022
V26. Studiepoengeiningar etter eigarskap og fagområde, 2018-2020
V27. Studentar fullført til normert tid per fagområde og utdanningsform, 2022

# 1 Innleiing

Høgare yrkesfagleg utdanning vert trekt fram som løysinga på fleire av dei utfordringane vi ser i arbeidsmarknaden, mellom anna av Kompetansebehovsutvalet som leverte ein eigen rapport om sektoren i fjor. Helsepersonellkommisjonen, som leverte sin rapport i vinter, er tydelege på at vi treng fleire helsefagarbeidarar med vidareutdanning for å møte eldrebølga. Regjeringa har òg sagt at dei vil satse på denne sektoren i Hurdalsplattforma, medan dei i Utsynsmeldinga varslar tydelegare prioriteringar av framtidig vekst til helse- og velferdsfag og tekniske fag, og elles utdanningar som er viktige for det grøne skiftet.

Teknologiutvikling, digitalisering, endringar i demografi, klima- og miljø har stor påverknad på både arbeidsoppgåver og kompetansebehov, og kompetansepåfyll gjennom yrkeslivet vert stadig viktigare. Det må derfor leggast til rette for at arbeidstakarar kan lære heile livet (Meld. St. 14 (2019-2020)). Høgare yrkesfagleg utdanning må vere attraktiv og tilgjengeleg for folk i arbeid, uavhengig kor dei bur. For å svare på dei ulike kompetansebehova må sektoren både vere tilbydar av lengre gradsutdanningar, men òg kortare utdannings- og studietilbod.

I Tilstandsrapporten vil ein sjå at den kraftige veksten i studenttalet dei siste fem åra flatar litt ut i 2022. Det er likevel rekordhøg aktivitet, og aldri før har så mange studentar vorte uteksaminerte. Tala viser at sektoren har klart å ta unna den store auken i studieplassmidlar. Trass dette er fullføringsgraden lågare enn tidlegare. Dette *kan* vere ein etterverknad av pandemien. Den vidare utviklinga i åra som kjem vil gje svar på dette.

Talet på fagskular held fram med å gå ned, i tråd med dei politiske signala i fagskulemeldinga frå 2017. Fylkeskommunale fagskular har fusjonert, og mange små private fagskular har søkt saman med nokon av dei store private. Samstundes som fagskulane vert større, får stadig fleire fagområdeakkreditering, noko vi ser som teikn på kvalitet.

I sluttrapporten frå Deloitte si evaluering av tiltaka i fagskulemeldinga (Deloitte, 2022b) peiker dei på dei mange samanslåingane i sektoren som eit av dei viktige utviklingstrekka dei seinare åra. Samstundes spør dei om strekket mellom dei største og minste fagskulane er i ferd med å bli for stort i høve til kva ambisjonar dei ulike fagskulane har for sektoren.

Ein av ambisjonane det er snakk om, er yrkesfaglege utdanningar på høgare nivå i kvalifikasjonsrammeverket enn dagens regelverk tillét. I ei fersk evaluering av kvalifikasjonsrammeverket frå NOKUT tilrår dei ei slik utvikling for Kunnskapsdepartementet (Furholt & Amundsen, 2023).

Dei nemnde evalueringane frå Deloitte og NOKUT er eit lite utval av det stadig aukande kunnskapsgrunnlaget om høgare yrkesfagleg utdanning, og årets Tilstandsrapport vil inngå i rekkja av rapportar som gir meir kunnskap om denne sektoren. Meir kunnskap om sektoren var eitt av måla som vart satt i fagskulemeldinga i 2017. Det styrka kunnskapsgrunnlaget vil bli viktig når regjeringa no har satt i gang arbeidet med ein ny melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Meldinga skal sendast til Stortinget våren 2025.

Tekstboks 1 Evaluering av fagskulemeldinga

Då Stortinget vedtok meldinga *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning* (Meld. St. 9 (2016-2017)) bestemte dei samtidig at ho skulle evaluerast etter fem år. Meldinga presenterte heile 48 tiltak som skulle bidra til ei utvikling av sektoren på fleire område og nivå.

Sluttrapporten frå evalueringa konkluderer med at dei aller fleste tiltaka er gjennomførte, og at dei har hatt ein positiv effekt. Mellom anna peiker rapporten på eit betydeleg styrka kunnskapsgrunnlag, men problematiserer samstundes korleis dette vert brukt i arbeidet med vidare kvalitetsutvikling. Styrka studentmedverknad, meir solide fagmiljø, auka profesjonalitet og styrka samarbeid med arbeidslivet er andre faktorar som vert trekt fram som positive endringar i kjølvatnet av meldinga.

Attraktiviteten er òg styrka, seier rapporten, og her dreg dei særleg fram innføringa av studiepoeng og namnet høgare yrkesfagleg utdanning. Sektoren har fått ein tydeleg plassering i utdanningssystemet, og det har blitt stor og positiv politisk merksemd om sektoren.

I tillegg til ei tydeleg positiv utvikling og gode effektar av dei mange tiltaka, peikar rapporten på fleire utfordringar. Mellom anna er det store utfordringar knytt til måten fylkeskommunane utøver dobbeltrolla som eigar og forvaltar av sektoren. Rapporten løftar òg spørsmålet om kva sektoren skal vere i framtida, mellom anna med tanke på innplassering i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket (NKR). Den freistar påstå at det er eit stort strekk i laget, og spør om heile sektoren er rusta for dei same ambisjonane for kva høgare yrkesfagleg utdanning skal vere i det norske utdanningssystemet.

NOKUT har nyleg levert ei evaluering av korleis NKR fungerer i høve til målsettingane. Der peikar dei mellom anna på at rammeverket står i fleire målkonfliktar, og ikkje får utnytta potensialet sitt. NOKUT meiner at det må gjerast eit politisk vegval, der omsynet til anten utdanning, arbeidsliv eller livslang læring må bli retningsgivande for å klargjere kva NKR skal gjere og kva effektar og funksjonar rammeverket skal ha.

Sluttrapporten for evalueringa av fagskulemeldinga er ikkje ein sluttstrek for utviklinga, men eit kunnskapsgrunnlag for den vidare utviklinga av sektoren. I tillegg til at regjeringa har varsla ei ny melding til Stortinget våren 2025, skal ulike delar av evalueringa følgast opp undervegs.

**Kjelde: HK-dir**

# 2 Metode og datagrunnlag

## 2.1 Metode og datagrunnlag

Data til tilstandsrapporten er i hovudsak henta frå fagskulestatistikken i Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-F) som er drifta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Tala er innrapporterte frå fagskular og fylkeskommunar til DBH-F, og speglar sektoren i tal frå 2022[3].

Aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng vert talde 1. oktober, og rapporterte inn til DBH-F 15. oktober. Frå og med 2021 er det oppretta tre rapporteringar i løpet av året for studentar på korte studietilbod under 30 studiepoeng, der fagskulane kan rapportere talet på studentar som er aktive *mellom* teljetidspunkta. Studentar på studietilbod under 30 studiepoeng kan vere meldt opp til fleire korte tilbod både vår, sommar og haust. For å unngå å telje eit individ fleire gongar har vi derfor valt å telje studentane på desse korte tilboda etter unike individ, og frå heile året. Dette skil seg frå studentane på utdanningar over 30 studiepoeng, som vi tel etter oppmeldingar til utdanningstilbod på teljetidspunktet på hausten. Studenttalet (27 972) inkluderer derfor aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året. Dette er same teljemåte som vart nytta i førre tilstandsrapport.

I figurar der fagområda er inkludert, har vi ekskludert kategorien *uoppgitt fagområde*. Kategorien inneheld studentar på studietilbod under 30 studiepoeng, der vi ikkje har informasjon om fagområde. Det er 297 studentar i denne kategorien.

I tala for uteksaminerte studentar har vi i år oppdaga ein feil i datasettet frå 2021 og tidlegare år. Nokre studentar er dobbeltregistrerte som uteksaminerte på same studietilbod både vår og haust, og er dermed talt to gonger. Omfanget varierer frå 26 til 855 studentar kvart år, og gjer seg særleg gjeldande innan helse- og velferdsfaga, kreative fag og økonomi- og administrasjonsfag. Tala i førre tilstandsrapport hadde denne feilen. Dette er no retta opp, og alle data vi viser i figur 3.19, der vi ser på utviklinga i tala for uteksaminerte fagskulekandidatar etter grad og utdanningslengde i perioden 2018 til 2022, er no korrekte. I rapporteringssystemet er det no lagt til ein kontroll som gjer at fagskulane får opp ei feilmelding, om dei forsøker å dobbeltrapportere studentar som bestått, slik at feilen ikkje skal kunne oppstå igjen.

Det er òg oppdaga feil i datauttrekka på nye studentar, der nokre studentar er talde to gonger. Tala på nye studentar skal vere noko lågare enn i førre tilstandsrapport. Differansen mellom datauttrekka i fjor og i år, varierer mellom 234 og 1 413. Størst utslag er det på tala for 2021. I figur 3.12 er korrekte tal nytta for åra 2018–2022. Datagrunnlaget for figuren ligg i V3.12.

I tilstandsrapporten for 2021 la vi til eit ekstra semester til normert tid i fullføringstala, vi gjer det på same måte i denne rapporten. Dette gjer vi for å kompensere for fleksibel oppstart som gjer at dei studentane som startar etter teljetidspunktet i semesteret, vert talde i feil semester og vert ikkje registrerte som fullførte på rett tid. For årskullet 2022 er det ikkje mogleg å leggje til eit semester, derfor kan vi vente at tala for årskullet 2022 er lågare enn

[3] DBH-F si dokumentasjonsside: https://fagskole.hkdir.no/

dei tidlegare årskulla. Fullføringsgraden for årskullet 2021 har sidan førre rapport auka med eitt prosentpoeng etter at vi i år kunne leggje til eit semester til normert tid.

Fullføringstala vert berekna på grunnlag av kor tid ein student vart registrert på ein bestemt NUS-kode første gong, og kor lenge utdanninga er estimert til å vare med utgangspunkt i antal studiepoeng og andel av heiltid. Berekninga med utgangspunkt i NUS-kodane løyser fleire av problema vi tidlegare har hatt med fullføringstal, og då i sær problema med å følgje studentar gjennom utdanningsløpet med alle fusjonane vi har hatt i sektoren dei siste åra. Trass forbetringane i talgrunnlaget er det enkelte utfordringar med måten nokre fagskular registrerer og rapporterer studentar på. Dette er særleg knytt til ulike formar for fleksibilitet i utdanningsløpet som ikkje tillét ei vurdering av fullføring på normert tid på vanleg måte. Av desse grunnane har vi ekskludert Noroff og NKI frå fullføringstal for alle åra. For fullføringstala i 2022 har vi i tillegg sett oss nøydd til òg å ekskludere Fagskulen i Viken, men berre frå 2022-grunnlaget. Fullføringsgraden vi bereknar for denne fagskulen er svært låg dette året, og dette kan knytast til utfordringane som er omtala over. I tillegg er alle luftfartsfaga, med om lag 400 studentar kvart år, tatt ut av talgrunnlaget for fullføring, men av ein anna grunn enn dei andre. Grunngjevinga for å ekskludere desse er at fullføringa i luftfartsfaga er så låg at det gir eit feilaktig bilete av resten av sektoren. Trass dette er kvaliteten på fullføringstala i det heile god.

I rapporten nytter vi Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar (FKF) (sjå avsnitt 2.2) og fagskulegradar i framstillinga av utdanningstilbod. I tillegg til høgare fagskulegrad (120 studiepoeng), fagskulegrad (60–119 studiepoeng) og kortare utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, er kortare studietilbod under 30 studiepoeng òg inkluderte i figurar og tabellar.

Informasjon om geografisk fordeling kan tidvis vere misvisande når det er snakk om nettstudium. Nettbaserte studiar og studentar på nettbaserte utdanningstilbod vert derfor haldne utanfor den geografiske fordelinga og vert heller framstilt som ein eigen kategori.

Gjennom arbeidet med tilstandsrapporten gjer vi ein stor kvalitetssikringsjobb på tala som er innrapporterte frå fagskulane. På generelt grunnlag ser vi at det ligg eit stort potensiale for betre datakvalitet og meir effektiv administrering og forvaltning av fagskulesektoren. Arbeidet med rapporten avdekker eit behov for betre tilpassa studieadministrative system og kodeverk for utdanningstilbod, som kan handtere fleksibiliteten og det heilskaplege studie- og utdanningstilbodet fagskulane har.

## 2.2 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar

Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar (FKF) vart utarbeidd i 2020 av HK-dir (Diku, NSD), saman med NOKUT, Unit (Sikt) og NIFU. FKF er ein tilpassa fagleg inndeling av fagskuleutdanning, og eit supplement til SSB sin Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS2000). FKF er betre tilpassa utdanningstilbodet i fagskulesektoren, og forenklar rapportering og analysering av data.[4]

Tabell 2.1 viser ei oversikt over dei ulike utdanningskategoriane (nivå 1) og -typane. Desse utdanningskategoriane er brukt i heile rapporten, òg for historiske data.

Tabell 2.1 Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF), versjon 1.15

| Utdanningskategori | Utdanningstype |
|---|---|
| Kreative fag (kreativ) | Visuell kunst<br>Musikk, dans og drama<br>Film og foto<br>Design<br>Interiør<br>Mote<br>Anna |
| Økonomi- og administrasjonsfag (økadm) | Leiing<br>Kontor<br>Lønn og rekneskap<br>Marknadsføring<br>Reiseliv<br>Anna |
| Tekniske fag (teknisk) | Bygg og anlegg<br>Elektro/energi<br>Industri/kjemi<br>Petroleum<br>Data-IT<br>Modellering<br>Anna |
| Helse og velferdsfag (helse og velferd) | Helse<br>Oppvekst<br>Anna |
| Samferdselsfag (samferdsel) | Jernbane<br>Luftfart<br>Maritim-Dekk<br>Maritim-Maskin<br>Anna |
| Anna | Grøne fag<br>Mat og drikke<br>Religion<br>Skjønnhetspleie<br>Anna |

[4] https://www.nokut.no/norsk-utdanning/fagskule--hogare-yrkesfagleg-utdanning/felles-klassifiseringssystem-for-fagskoleutdanninger-fkf/

## 2.3 Digitale vedlegg

Vedlegg er tilgjengeleg på nettstaden på https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2023.

I vedleggsløysinga finn ein tabelldata for alle figurane i rapporten. I tillegg er det fleire vedleggstabellar med mellom anna tidsseriar og fleire variablar. For nokre tabellar kan ein velje ønska visning, t.d. antal eller andel, frå menyen øvst i tabellen. Nettstaden med vedlegg inneheld òg tabellar som ikkje er omtala i sjølve rapporten, og kan nyttast uavhengig av rapporten.

Alle referansar til vedleggstabellar i rapporten er lenka direkte til den aktuelle tabellen i den digitale løysinga. Dette fungerer best om rapporten vert lasta ned og lest i ein eigen dokumentlesar (til dømes Adobe). Om du nyttar nettlesar vert tabellane opna i det same vindauget og vil såleis ta deg bort frå rapporten. Det er òg mogleg å gå direkte til tabellane i ein nettlesar ved å skrive tabellnummer på slutten av nettadressa, til dømes /tabell/V3.1 for å komme direkte til vedleggstabell nummer V3.1.[5] Alle tabellar kan lesast i nettlesar eller lastast ned som Excel-fil.

[5] Full adresse vert då https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2023/tabell/V3.1

# 3 Studentane

Talet på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning har auka med kring 70 prosent berre sidan 2018, mykje på grunn av auka tilskot til nye studieplassar. Innføringa av korte modular under 30 studiepoeng for tre år sidan, har til ein viss grad endra biletet av fagskulestudentar, men det er framleis slik at det er ein stor overvekt av studentar på eitt- og toårige utdanningar.

Studentane i høgare yrkesfagleg utdanning er i all hovudsak vaksne arbeidstakarar som studerer ved sida av jobb, i motsetnad til den tradisjonelle studenten som gjerne jobbar ved sida av studia. Dette er ikkje noko nytt, men det vert ein *stadig større andel* som nyttar seg av denne moglegheita til fleksibel utdanning. Mykje kan nok tilskrivast den digitale utviklinga, som gjer det mogleg for fagskulane å tilby nettbaserte utdanningstilbod, både med og utan fysiske samlingar. Fagskulane var tidleg ute med å ta i bruk digitale løysingar for å kunne tilby desentraliserte utdanningstilbod, noko vi ser resultata av i dag når arbeidstakarar busett i heile landet deltar på denne type fleksible utdanningar i stor utstrekning. I tillegg til dei digitale løysingane, kjem òg arbeidstakarane sine ønskjer og behov for å ta utdanninga på kveldstid og i helger. Dette gjer det mogleg å oppretthalde arbeidsforhold og løn under utdanninga. Vi ser tydeleg at dess eldre studentar, dess meir bruk av deltid.

I dette kapittelet ser vi nærare på studentane i høgare yrkesfagleg utdanning.

## 3.1 Studentar og studiepoeng

### Stabile studenttal, men endring i profil

I 2022 var det 27 972 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning, om lag 250 færre enn året før. Nedgangen skuldast i hovudsak ein stor nedgang på dei korte tilboda under 60 studiepoeng. På desse tilboda var det om lag 1 800 færre studentar i 2022 i høve til året før. Dette heng truleg saman med at det var særskilde pandemitiltak som bidrog til ekstra mange studentar, særleg på dei aller kortaste tilboda i 2021. Når det samla talet på studentar likevel er bortimot like høgt som året før, skuldast det ein solid auke i talet på studentar på tilbod mellom 60 og 120 studiepoeng. I 2022 blei det nesten 1 160 fleire studentar på denne type tilbod.

Sjølv om det overordna studenttalet er stabilt, er det nokre fagskular som skil seg ut med særleg store endringar i studenttala. Fagskulen Noroff har den største veksten med 460 studentar, og har no om lag 3 600 studentar. Den nest største fagskulen er Fagskulen i Viken, med om lag 2 600 studentar, nesten 70 fleire enn året før. Bak den moderate auken finn vi eit skifte i kva for utdanningar studentane tar. På dei korte utdanningstilboda under 30 studiepoeng går talet ned med nesten 400 studentar, medan det er ein auke på oppunder 450 studentar på tilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. Andre fagskular som har hatt ein stor auke i talet på studentar, er Din kompetanse (300), MedLearn (200) og Fagskulen i Rogaland (100).

Størst nedgang i studenttalet ser vi hos Fagskulen Kristiania, som trass fusjon med Bårdar Akademiet AS hadde ein reduksjon på nesten 600 studentar i 2022. Hovudforklaringa på nedgangen er at dei hadde eit stort antal studentar (over 400) på særskilde pandemitiltak i

2021. Fagskulen Kristiania er likevel ein av dei største fagskulane i landet, med om lag 2 150 studentar. Fagskulen i Vestfold og Telemark har òg ein relativt stor nedgang på nesten 250 studentar, til om lag 1 200 studentar. Nedgangen her er knytt til opphøyr av korte utdanningstilbod gjennom bransjeprogramma. AOF Fagskulen og AOF Norge har ein nedgang på om lag 100 og 200 studentar, i all hovudsak knytt til ordinære tilbod frå og med 30 studiepoeng. Sjå elles vedleggstabell V6 for fleire detaljar på fagskulenivå.

### Auke i studiepoeng

Når ein skal sjå på vekst og volum i høgare yrkesfagleg utdanning, er det ikkje nok å telje studentar, for det er store skilnader på kva ein student er i denne sektoren. Mange studerer på deltid, og det er stor variasjon i kor mange studiepoeng den enkelte student tek. Difor må vekst og volum i høgare yrkesfagleg utdanning sjåast i lys av både talet på studentar, men òg produksjonen av studiepoeng.

Figur 3.1 viser tal på studentar og avlagde studiepoengeiningar (SPE)[6] fordelt på offentlege og private fagskular for haustsemesteret i perioden 2015–2022. Vi ser her at talet på studentar flatar ut, medan studieproduksjonen aukar i 2022. Frå 2021 til 2022 auka talet på SPE med 1 226. Auken heng sjølvsagt saman med at studenttalet har auka kraftig i åra før, som ein følgje av fleire studieplassar til sektoren.[7] At studiepoengeiningane stig sjølv om talet på studentar flatar ut i 2022, er ein naturleg følgje av at eksamen og rapportering av studiepoeng skjer ei stund etter at studentane vert talt og rapportert første gong.

Figur 3.1 Studentar og studiepoengeiningar etter eigarskap, 2016–2022




**Vedlegg:** V3.1
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Den største auken i studiepoengeiningar ser vi i dei offentlege fagskulane, jamfør figur 3.1. Ved desse fagskulane auka talet på SPE med om lag 15 prosent siste året, eller frå om lag 5 800 til 6 700 SPE i 2022. Samstundes har talet på studentar auka med ein prosent, eller frå om lag 13 500 til 13 600 i dei same fagskulane.

[6] Ein studiepoengeingin (SPE) er definer som 60-studiepoengeiningar. Til dømes vil to studentar som studerer på halv tid produsere 30 studiepoeng kvar i løpet av eit år. Dei vil til saman utgjere ein SPE.
[7] Sjå kapittel 5.4 for ein meir detaljert analyse av utviklinga i offentleg finansiering og studiepoeng.

Ved dei private fagskulane har studenttalet gått ned med meir enn to prosent, frå om lag 14 740 til 14 360, medan studiepoengeiningar har auka med fem prosent, frå nesten 7 180 til 7 540 SPE. Nedgangen i studenttalet ved dei private fagskulane heng saman med at effekten av nokon av dei ekstraordinære pandemi-tiltaka no er borte. Det var ein særleg stor vekst i studenttalet på korte modular særleg i økonomi- og administrasjonsfag ved private fagskular i 2021 som følgje av tiltak som no er fjerna.

### Flest gradsstudentar

I tabell 3.1 ser vi studentane fordelt etter studie- og utdanningstilbodas omfang i 2018 og 2022. I 2022 tar dei fleste studentane, 45 prosent, utdanningstilbod som gir ein høgare fagskulegrad (120 studiepoeng), medan 39 prosent av studentane følger tilbod som gir fagskulegrad (60 studiepoeng). Elleve prosent følger tilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, medan fem prosent av studentane var tatt opp til kortare studietilbod under 30 studiepoeng.

Sett i høve til 2018 ser vi først og fremst ei framvekst av dei korte studietilboda under 30 studiepoeng. Fagskulane hadde ikkje lovheimel til å tilby så korte utdanningar i 2018. I tillegg ser vi at studentar på fagskulegrad utgjer ein større andel av studentane i 2022 i høve til 2018. Samstundes går andelen studentar på høgare fagskulegrad ned om lag like mykje som dei to nemnde kategoriane aukar.

Tabell 3.1 Studentar på kortare studietilbod, kortare utdanningstilbod og fagskulegradar, 2022

| Tilbod | Tal på studentar 2018 | Andel av total 2018 | Tal på studentar 2022 | Andel av total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Kortare studietilbod, under 30 stp. | 0 | 0 % | 1 472 | 5 % |
| Kortare utdanningsitbod, 30-59 stp. | 1 980 | 12 % | 3 059 | 11 % |
| Fagskulegrad, 60-199 stp. | 5 611 | 34 % | 10 919 | 39 % |
| Høgare fagskulegrad, 120 stp. | 9 110 | 55 % | 12 522 | 45 % |
| **Totalt** | **16 701** | | **27 972** | |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

## 3.2 Tilgang til utdanning og geografisk spreiing

Det er eit mål at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere tilgjengeleg for alle, i heile landet. Då er den geografiske fordelinga av studentar interessant å sjå nærare på, i tillegg til omfanget av reint nettbaserte tilbod som er lausrive frå geografi. 28 prosent av studentane studerer ved eit reint nettbasert tilbod, medan 72 prosent tek utdanningar der anten heile eller delar av utdanninga er knytt til ein studiestad i eit fylke, til dømes i form av samlingar.

### Nettbaserte tilbod er uavhengig av geografi

I figur 3.2 er dei nettbaserte studentane samla i ein eigen kategori, medan alle andre studentar er fordelt på fylke etter kor fagskulane er lokalisert. Dei nettbaserte studentane utgjer nesten 7 800 studentar totalt, og av desse er det nesten 90 prosent (6 700) som er studentar ved private fagskular. 800 studentar følger nettbaserte tilbod ved ein offentleg fagskule.

### Kor studentane studerer

Studentane på stad- og samlingsbaserte utdanningstilbod er fordelte på dei ulike fylka. Oslo fylkeskommune har, som venta, flest studentar med sine om lag 3 800 studentar. Litt meir enn 2 700 av desse studerer ved private fagskular, medan litt over 1 000 studerer ved ein av dei to offentlege fagskulane i fylket.

Viken fylkeskommune har det nest høgaste studenttalet, med om lag 3 200 studentar. Av desse er om lag 2 500 studentar ved den offentlege fagskulen i fylket. Deretter følger Vestland fylkeskommune med nesten 2 600 studentar, om lag 1 800 ved offentlege fagskular og 760 ved private. Som i 2021 har Møre og Romsdal fylkeskommune det lågaste studenttalet, med like over 400 studentar. Her er omtrent alle studentane registrert ved den offentlege fagskulen.

I vedlegg V3.2 kan ein sjå tabellar som viser fordelinga av studentar etter fylke og eigarskap i perioden 2018–2022. Se elles kapittel 5.5 for utvalde nøkkeltal for kvar fylkeskommune.

Figur 3.2 Studentar etter fylke og eigarskap, 2022




**Vedlegg:** V3.2
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Kor studentane bur

I figur 3.3 er studentdata kryssa med informasjon om registrert bustad i folkeregisteret. Figuren viser den relative fordelinga av utdanningsformar som studentane i dei ulike bustadfylka følger. Utdanningsform og bustadfylket følger logiske mønstre. Studentar busett i Viken, Oslo, Vestland, Rogaland og Agder følger i stor grad stadbasert undervisning, noko som heng naturleg saman med at det er mange folk og relativt store byar i desse fylka. I Oslo er det berre 13 prosent av studentane som følger samlingsbaserte tilbod, medan det for resten av fylka varierer mellom 26 og 53 prosent. Dei to nordlegaste fylka, der det er færre studiestader, skil seg ut med ein klart høgast andel studentar som følger nettbaserte tilbod med samlingar.

Skilnadene mellom fylkeskommunane viser at utdanningstilboda og studentanes val speglar dei ulike busettingsmønstera i landet. Dette kan forklarast med at fagskulestudenten har høg snittalder og stort sett er i jobb parallelt med at dei tek utdanning, og i mindre grad flyttar på seg for å ta utdanning. Det er likevel interessant å merke seg at relativt mange, altså mellom 22 og 31 prosent av studentane i kvart einaste fylke følger utdanningstilbod som er heilt nettbasert.

Figur 3.3 Andel studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform, 2022




**Vedlegg:** V3.3
**Kjelde: SSB**

## 3.3 Fordeling av studentar på fagområde

Figur 3.4 viser fordeling av studentar på fagområde i perioden 2018–2022. Vi ser ein fortsett vekst innan tekniske fag og helse- og velferdsfaga, medan det er nedgang innan økonomi- og administrasjonsfaga og samferdselsfaga på over ni prosent, og nedgang på sju prosent innan kreative fag. Denne utviklinga skuldast truleg fleire ting. Fylkeskommunane sin prioritering av tilskot til drift er ein faktor, samstundes som fråfallet av statlege prosjektmidlar i tilknyting til koronapandemien er ein annan.

### Vekst innan tekniske fag og helse- og velferdsfag

Tekniske fag har hatt ein vekst på over 5 000 studentar, nesten 76 prosent, sidan 2018. Frå 2021 til 2022 er auken på meir enn sju prosent, eller om lag 770 studentar, og samla sett er det i underkant av 11 650 studentar i 2022. Det er særleg i byggfag og data/IT-fag vi ser ein vekst i 2022.

I helse- og velferdsfaga har veksten vore på nesten 52 prosent, eller litt over 2 200 studentar, sidan 2018. Berre siste året har talet på studentar auka med meir enn seks prosent, til om lag 6 500 studentar. Veksten det siste året fordeler seg jamt mellom helsefaga og oppvekstfaga, og det er høvesvis om lag 4 700 og 1 500 studentar i desse faga. Sett i lys av demografiske endringar og mangel på arbeidskraft innan helse- og omsorgssektoren, er det positivt at talet på studentar som tek helse og velferdsfag aukar (Kompetansebehovsutvalget, 2022, s. 23).

### Færre studentar på kreative fag og samferdselsfag

Dei kreative faga har ein auke på nesten 20 prosent, om lag 430 studentar, for heile perioden samla sett. Frå 2021 til 2022 er det ein nedgang på om lag 7 prosent (190 studentar).

I samferdselsfaga er det ein nedgang i studenttalet på nesten ti prosent, frå om lag 1 510 til 1 370. Reduksjonen skuldast i all hovudsak færre studentar innan luftfartsfaga, der talet har gått frå nesten 490 til 370. Endringa i luftfart er truleg knytt til høg rekruttering i 2021, og høg grad av fråfall.

Figur 3.4 Studentar per fagområde, 2018–2022




**Vedlegg: V3.4**
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Andel studentar etter fagområde

Figur 3.5 nedanfor, viser den *relative* storleiken til kvart fagområde kvart år, dei siste fem åra. Sjølv om det er små endringar frå eitt år til neste, viser utviklinga over tid endringar i kva kompetanse arbeidstakarar og arbeidsliv etterspør. I heile femårsperioden, som vert vist i figuren, har det vore ein kraftig vekst i talet på studentar. Likevel ser vi at den relative andelen innan tekniske fag og helse- og velferdsfaga sank fram mot 2020 og 2021, medan økonomi- og administrasjonsfag tok ein stadig større del av studentmassen. Tala vi ser i år kan tyde på at det har skjedd eit skifte i retning av at veksten i stadig større grad kjem i dei tekniske faga (som inkluderer IT-fag) og helse- og velferdsfaga. Dette er òg to av dei fagområda som oftast vert trekt fram som dei viktigaste for framtidas arbeidsliv, og regjeringa seier i Utsynsmeldinga (Meld. St. 14 (2022–2023)) at desse områda må prioriterast framover.

Figur 3.5 Andel studentar etter fagområde, 2018–2022




**Vedlegg:** V3.5
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Tekniske fag og helse- og velferdsfag størst i nesten alle fylka

Fylkeskommunane skal sørge for at det vert tilbydd høgare yrkesfagleg utdanning som svarar til behova for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt (fagskoleloven, 2018, §3). Oppgåva vart lagt til fylkeskommunane fordi næringsstrukturen er ulik i dei ulike fylka, og fylkeskommunane er tett på dei lokale og regionale tilhøva.

Figur 3.6 på neste side viser den prosentvise fordelinga av studentar innan dei ulike fagområda etter fylke. Studentar på nettbaserte tilbod er som tidlegare skilde ut i ein eigen kategori. I dei fleste fylka utgjer studentar ved tekniske fag og helse- og velferdsfaga minst to tredelar av studentmassen. Nokre fylker skil seg likevel ut, av ulike årsaker.

Helse- og velferdsfaga finst i alle regionar, men det er svært store variasjonar i kor mykje det vert satsa på desse utdanningane. Medan nesten 40 prosent av alle dei stad- og samlingsbaserte studentane i Rogaland går på helse- og velferdsfag, er det berre sju prosent av studentane i Møre og Romsdal og elleve prosent i Vestland som gjer det same. Ettersom dei fleste tilboda innan helse- og velferdsfaga er stad- og samlingsbaserte, seier dette oss noko om i kva grad fagskulane og fylkeskommunane prioriterer helsefag i høve til andre fagområde.

Figur 3.6 Andel studentar, fordelt på fagområde og fylke, 2022




**Vedlegg: V3.6**
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Oslo har ei samansett fordeling av studentar, og skil seg særleg ut med ein stor andel studentar på kreative fag, noko som rimar med at dei kreative utdanningane har eit nasjonalt nedslagsfelt. Hovudstaden har eit stort kulturliv, men er òg ein stor by med fleire folk og større mangfald, og dermed rom for utdanningar retta mot fleire bransjar. Heile 36 prosent av studentane i Oslo er studentar ved kreative utdanningar. Dette utgjer 51 prosent av alle studentar som tek kreative fag i Noreg. Det er i all hovudsak Fagskulen Kristiania som har ein høg andel studentar på kreative fag med studiestad i Oslo. Samla sett er det Fagskulen Kristiania og Noroff som har flest studentar på kreative fag, fordelt på høvesvis to og fire ulike studiestadar/fylkeskommunar.

I Møre og Romsdal, eit område der skipsfart er ei viktig næring, er det ein særs høg andel studentar innan samferdsel (maritime fag) i høve til dei andre fylka, med 42 prosent av studentane i fylket. Ein stor andel av studentane i fylket går òg på tekniske fag (44 prosent). Berre sju prosent av studentane i fylket er registrert ved helse- og velferdsfag, medan ingen studentar tar stad- eller samlingsbaserte økonomi og administrasjonsfag i fylket.

I Nordland er alle fagområda representert. Helse- og velferd har her den største andelen studentar med 35 prosent, etterfølgt av tekniske fag med 25 prosent.

For studentar på reint nettbaserte tilbod ser vi at tekniske fag er størst, med 32 prosent av studentane. Økonomi og administrasjonsfaga har 31 prosent av dei nettbaserte studentane, medan helse- og velferdsfaga utgjer 27 prosent. Samferdsel har ingen nettbaserte tilbod, noko som heng naturleg saman med desse faga sin eigenart. Sjå vedleggstabell V3.6 for talgrunnlag.

Tekstboks 2 Utdanning og karriererettleiing

Utdanning.no og Karriereveiledning.no er rådgjevings- og rettleiingstenester som vert drifta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Vegsøkarane, altså dei som brukar tenestene, er både unge, vaksne, rådgjevarar og føresette. Begge tenestene er tilrettelagt for at dei ulke målgruppene kan finne informasjon om karriere og utdanning.

Utdanning.no og Karriereveiledning.no jobbar tett saman for å nå brukarane sine behov. Studentar og moglege studentar treng informasjon og rettleiing om utdanningsval og yrkes- og karriereval. Det er òg eit stort informasjonsbehov for å gjera høgare yrkesfagleg utdanning meir attraktiv og kjent.

**Utdanning.no** er den offentlege nettsida for yrkes- og karriereinformasjon, og kan vise til over 9 millionar besøk i 2022. Fagskulane har eigne sider, med informasjon om over 600 utdanningstilbod. På nettsidene finn ein òg informasjon om utdanningsløp, løn, vanlege arbeidsoppgåver og om arbeidsmarknaden i Noreg.

Det ligg mykje potensiale i å vise samanhengen mellom yrkesfagleg utdanning, og moglegheita for vidare utdanning gjennom høgare yrkesfagleg utdanning. Utdanning.no si kartlegging av utdannings- og yrkesvalet til unge viser at unge er svært oppteken av moglegheiter for vidareutdanning.

**Karriereveiledning.no** er ei offentleg og gratis teneste som tilbyr yrkes- og utdanningsrettleiing via chat og telefon. Tenesta starta opp 1.september 2020, og per april 2023 har tenesta hatt om lag 42 500 førespurnader. Av desse har over 2 900 omhandla høgare yrkesfagleg utdanning. Vegsøkjarane er i aldersgruppa 19-59 år, med ulik utdanningsbakgrunn. Dei har spørsmål om mellom anna opptakskrav, og realkompetansevurdering. Vegsøkjarane gir uttrykk for at dei ønskjer å søkja seg til høgare yrkesfagleg utdanning, men at feltet er noko uoversiktleg. Nettbasert studieform er mest etterspurt fordi det enklare lar seg kombinere ved sidan av jobb. Vegsøkjarane er òg interesserte i kor mykje studiet kostar og om det vil løne seg. Dei fleste spør etter utdanningar innan helse og omsorg, IT, teknisk fagområde, digital marknadsføring, eller utdanningar som lokomotivførar og dekks- eller maskinoffiser.

**Kjelde: HK-dir**

## 3.4 Alder og kjønn

Fagskulestudentane vert eldre. Medan snittalderen i 2018 var 31 år, har han auka til 33 år i 2022. I 2022 er over halvparten av studentane (55 prosent) 30 år eller eldre. Til samanlikning er under 26 prosent av studentane ved universitet og høgskular 30 år eller eldre (HK-dir, 2023). Innan høgare yrkesfagleg utdanning har snittalderen på menn auka mest, frå 29 år i 2018 til 31 år i 2022. Dei kvinnelege studentane sin snittalder var 35 år i 2022, berre eitt år meir enn i 2018. At studentane vert eldre kan vi tolke som eit konkret uttrykk for målet om å «lære heile livet».

Samla sett er kjønnsfordelinga ganske jamn og stabil, men med ein svak trend i retning av lågare andel kvinner. I 2022 var det om lag 12 700 kvinner og 15 300 menn (høvesvis 45 og 55 prosent). I 2020 var den relative fordelinga på høvesvis 47 og 53 prosent. Denne utviklinga heng saman med at det er svært store kjønnsskilnader mellom fagområda, og at veksten har vært størst i dei mannsdominerte faga.

### Store variasjonar i aldersfordeling mellom dei ulike fagområda

Skilnadane i aldersfordeling mellom dei ulike fagområda er store, men variasjonane er nokså like over tid. I figur 3.7 ser vi at det er svært få studentar under 20 år anna enn i dei kreative faga, samferdselsfag og kategorien anna. I dei kreative faga er det ikkje uvanleg at opptaksprøve tel meir enn arbeidserfaring, noko som gjer det mogeleg å ta opp yngre studentar. I dei maritime samferdselsfaga er det ein lang tradisjon at ein søker seg til ein fagskule like etter avslutta læretid og fagbrev. Dei kreative faga og samferdsel skil seg òg ut med ei mindre heterogen alderssamansetning enn dei andre fagområda.

Figur 3.7 Andel studentar etter alder og fagområde, 2022




**Vedlegg:** V3.7
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

I dei tekniske faga er det ganske jamt med studentar i aldersgruppa 20–24 år og 25–29 år, medan gruppa 30–34 år er noko mindre. Alle aldersgruppene er representerte innan det tekniske fagområde, men det er få studentar over 50 og under 20 år. Av dei litt over 600 studentane på tekniske fag som tok korte modular under 30 studiepoeng, var 75 prosent 30 år eller eldre. Litt meir enn ti prosent var over 50 år. Dette indikerer at dei korte modulane innan tekniske fag i stor grad har treft målgruppa eldre arbeidstakarar.

Innan helse- og velferdsfaga er alderskategorien 41–50 år den største gruppa med 29 prosent av studentane, medan dei tre andre gruppene utgjer mellom 9 og 20 prosent kvar. 12 prosent av studentane på dette fagområdet er over 50 år.

Økonomi og administrasjonsfag rekrutterer i stor grad jamt frå dei fleste alderskategoriane, men noko færre blant dei eldste, og få studentar under 20 år. Her har det vore ei betydeleg endring over tid, som omtala i kapittel 3.3.

Fleire samanhengar mellom alder og lengde på utdanningstilbod, kan ein sjå i vedlegg V8. V10 og V11 viser aldersfordeling på kvinner og menn i tekniske fag og helse og velferdsfag.

### Menn startar tidlegare på høgare yrkesfagleg utdanning enn kvinner

Figur 3.8 viser fordelinga av studentar etter kjønn og alder. Dei kvinneleg studentane utgjer 45% av studentane, og er nokså jamt fordelt i aldersgruppene, med litt over 2 100 i kvar gruppe. I snitt er dei som sagt 35 år. For menn er det større skilnad mellom dei ulike alderskategoriane. Det er absolutt flest menn i kategorien 20–24 år (4 200), og deretter 25–29 år (3 600), samla sett litt over halvparten menn. I snitt er dei mannlege studentane 31 år.

Vi veit ikkje om desse forskjellane mellom kvinner og menn skuldast forskjellar når det gjeld ønske om utdanning, eller om det heng saman med forskjellar i eit kjønnsdelt arbeidsmarknad, og når i karrieren det er naudsynt eller passande med høgare utdanning. Ser vi på fordelinga av mannlege studentar etter alder over tid, ser vi ein tendens til at det vert ein stadig høgare andel over 30 år, og snittalderen stig. Ei mogleg forklaring på at snittalderen for menn aukar, kan vere at utdanningstilboda har endra seg slik at det i større grad treff behova til menn seinare i karrieren, men òg at krava til etter- og vidareutdanning i dei tradisjonelle mannsdominerte yrkesfaga har endra seg.

Figur 3.8 Andel studentar etter kjønn og alder, 2022




**Vedlegg:** V3.8
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Kjønnsskilnader mellom fagområda speglar arbeidsmarknaden

Når vi ser på kjønnsfordelinga etter fagområde i figur 3.9, ser vi dei velkjende og store skilnadene innan ulike fagområde. Figuren viser òg at denne kjønnsfordelinga er jamn over tid. Kvinner utgjer den største delen av studentar i alle fagområde, med unntak av tekniske fag og samferdsel, der andelen kvinner er på høvesvis 13 og 6 prosent i 2022. Innan helse og velferdsfaga er det 87 prosent kvinner, medan andelen er 68 prosent i økonomi og administrasjonsfaga.

Figur 3.9 Andel studentar etter kjønn og fagområde, 2018–2022




**Vedlegg:** V3.9
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Kjønnsskilnadene speglar skilnaden vi ser i arbeidsmarknaden. Og fordelinga er langt på veg ei følgje av dei vala ungdommar gjer når dei søker vidaregåande utdanning. Vi kan neppe vente endringar i kjønnsskilnadene i høgare yrkesfagleg utdanning før vi ser ei større endring i vala av vidaregåande utdanning.

### Andelen kvinner er dobla innan tekniske fag

Trass i at kjønnsskilnader framleis er tydelege i dei største fagområda, er det noko endring å spore. Andelen kvinner i tekniske fag har nesten dobla seg sidan 2018, frå 7 til 13 prosent. Dette har skjedd samstundes som det samla studenttalet har auka. I dag er det om lag 1 500 kvinnelege studentar på tekniske fag i 2022, mot 450 i 2018. Av desse 1 500 er det over 800 innan Data-IT, om lag 200 i Industri/kjemi-fag, 150 i bygg og anleggsfag og nesten like mange på elektro/energi-fag.

### Fleire menn tek utdanningar innan helse- og velferd

Innan helse- og velferdsfaga har det vore ein auke på over 80 prosent av mannlege studentar. Tala er likevel framleis lave, med litt over 800 i 2022. Dei fleste av desse finn vi innan helsefaga, der det er nesten 600 studentar. I oppvekstfaga er det litt under 200. Snittalderen til menn i helse- og velferdsfaga er på 39 år, og er dermed langt høgare enn snittalderen for menn elles.

## 3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod

Høgare yrkesfagleg utdanning er kjenneteikna av ein svært høg grad av fleksibilitet i utdanningstilboda, og utdanningane er i stor grad tilpassa folk i ulike livsfasar og arbeidstilhøve. Det er fleire ulike moment som gjer utdanningar fleksible. Nett- og samlingsbaserte tilbod i tillegg til stadbaserte, høg grad av deltidsstudiar, fleksibel studiestart gjennom året og moglegheit til å endre utdanningsform undervegs i studia dersom livssituasjonen krev det, er eksemplar på korleis fagskulane legg til rette for at folk skal kunne studere ved sida av jobb.

### Høg andel deltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning

Deltidsstudentane utgjer 70 prosent (19 600) av alle studentane i 2022, noko som er like stor andel som i 2021(HK-dir, 2022a, 2022b), sjå figur 3.10. Det er særleg studentar i tekniske fag (8 000) og  helse- og velferdsfag (6 500) som studerer på deltid. Det er òg studentane på desse fagområda som er eldst, og oftast er i arbeid ved sidan av studiane, jamfør kandidatundersøkinga frå 2023 (Alne, m.fl., 2023). Økonomi- og administrasjonsfaga har òg ein høvesvis stor andel studentar på deltid med over fire av fem studentar (3 900).

I underkant av 8 400 studentar studerer på heiltid. Innan samferdsel og kreative fag er studentane i hovudsak heiltidsstudentar.  Av dei nesten 3 600 studentane på heiltid i tekniske fag, utgjer data-IT-faga om lag 50 prosent.

Figur 3.10 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde, 2022




**Vedlegg:** V3.10
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Tabell 3.2 viser fordelinga av studentar på heiltid og deltid etter alder. Som venta, aukar andelen studentar på deltid i takt med alder. Samstundes ser vi at 39 prosent av studentane i aldersgruppa 20- 24 år òg er deltidsstudentar. Om desse studentane vel å studere på deltid fordi dei er i arbeid, eller om det er fordi tilboda berre finst som deltidsutdanningar, kan vi ikkje seie noko om. Sjå vedlegg V9 for detaljar om studentar etter utdanningsform og andel av heiltid og deltid.

Med eit stadig sterkare fokus på fleksibel og livslang læring i samfunnet, og med lav arbeidsløyse, kan vi truleg vente at andelen deltidsstudentar vil halde seg høg.

### Tabell 3.2 Studentar på heiltid og deltid etter alder, 2022

| Alder | Studentar på deltid | Andel deltid per aldersgruppe | Studentar på heiltid | Andel heiltid per aldersgruppe | Totalt |
|---|---:|---:|---:|---:|---:|
| Under 20 | 49 | 12 % | 363 | 88 % | 412 |
| 20–24 | 2 547 | 39 % | 3 916 | 61 % | 6 463 |
| 25–29 | 3 834 | 67 % | 1 856 | 33 % | 5 690 |
| 30–34 | 3 823 | 79 % | 1 012 | 21 % | 4 835 |
| 35–40 | 3 730 | 85 % | 637 | 15 % | 4 367 |
| 41–50 | 4 090 | 90 % | 467 | 10 % | 4 557 |
| Over 50 | 1 532 | 93 % | 116 | 7 % | 1 648 |
| **Totalt** | **19 605** | **70 %** | **8 367** | **30 %** | **27 972** |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Vekst i andel studentar på nett- og samlingsbaserte utdanningstilbod

Dei siste åra har det vore stor utvikling i tilhøvet mellom dei ulike utdanningsformene stadbasert undervisning, nettbasert undervisning og nettbasert med samlingar. Denne utviklinga vises i figur 3.11. Omfanget av studentar som følger nettbasert undervisning, både med og utan samlingar, har auka markant dei siste åra. Desse utdanningsformene famnar samla sett om 16 800 studentar, medan det er om lag 11 200 som følger stadbasert undervisning. Mens stadbasert undervisning tradisjonelt har vært den dominerande utdanningsforma, var tilhøvet mellom stadbasert og nettbasert undervisning i 2020 blitt om lag halvt om halvt, med kring 11 500 kvar. I 2021 vart dei nettbaserte utdanningsformane i fleirtal, med 58 prosent av studentane. I 2022 har andelen studentar som følger nettbasert undervisning med og utan samling auka til 60 prosent, medan talet på studentar som følger stadbasert undervisning er på same nivå som i 2020. Det er altså innan dei nettbaserte utdanningsformane at veksten dei siste åra har komen.

Sjølv om det framleis er relevant å peike på effekten av koronapandemien når vi ser denne utviklinga, er det grunn til å tru at det ikkje er ein trend som vil bli reversert. Utviklinga i retning av meir nettbasert undervisning var godt synleg òg før pandemien. Allereie i 2018 nytta kring 40% av studentane seg av dei nettbaserte utdanningsformene.

Figur 3.11 Studentar etter utdanningsform, 2018–2022




**Vedlegg:** V3.11
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Utvikling i studietilbod under 30 studiepoeng

Eit anna aspekt ved fleksibilitet i utdanning som det har vore mykje fokus på dei siste åra, er korte modulbaserte studietilbod under 30 studiepoeng. Det har alltid vore studentar som har tatt enkelte emne frå ein utdanning, og ikkje heile tilbodet. Frå 2019 blei denne forma for tilbod sett meir i system gjennom tilskotsordninga *Treparts bransjeprogram for kompetanse*. Fagskulane fekk moglegheit til å søke dispensasjon frå det som inntil 2021 var den nedre lovlege grensa for fagskuletilbod, 30 studiepoeng. Ei lovendring i 2021 fjerna denne grensa. Sidan 2019 har det blitt løyvd meir enn 200 millionar kroner til å utvikle og gjennomføre fagskuletilbod under 30 studiepoeng, i hovudsak gjennom bransjeprogramma og ordninga Industrifagskulen. Dette har gitt ein relativt stor auke i slike korte tilbod.[8] Særleg i samband med pandemien vart løyvingane til slike tilbod oppskalert kraftig som eit ledd i pandemihandteringa. Dette ga betydeleg vekst i denne type tilbod i 2021.

I tabell 3.3 ser vi at det er ein nedgang på om lag 45 prosent, til om lag 1 500 studentar i 2022. Det er særleg innan økonomi- og administrasjonsfaga vi ser ein nedgang. Ettersom denne type tilbod var ein del av tiltaka for å handtere permitteringar under pandemien, er det heilt naturleg at omfanget gjekk ned i 2022. I 2022 er det innan tekniske fag flest studentar tek studietilbod under 30 studiepoeng.

Tabell 3.3 Studentar på korte studietilbod under 30 studiepoeng fordelt på fagområde, 2021–2022

| Fagområde | Antal studentar 2021 | Andel studentar 2021 | Antal studentar 2022 | Andel studentar 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Helse og velferd | 129 | 5 % | 45 | 3 % |
| Kreativ | 0 | 0 % | 0 | 0 % |
| Samferdsel | 0 | 0 % | 0 | 0 % |
| Teknisk | 986 | 37 % | 668 | 45 % |
| ØkAdm | 1 021 | 38 % | 485 | 33 % |
| Anna | 120 | 4 % | 67 | 5 % |
| Uoppgitt | 412 | 15 % | 207 | 14 % |
| **Totalt** | **2 668** | **100 %** | **1 472** | **100 %** |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

[8] Tidlegare hadde ikkje fagskulane moglegheit til å rapportere på studentar som berre tok delar av eit utdanningstilbod. Desse studentane vart registrert som studentar på eit lengre tilbod, og blei tald som fråfall når dei ikkje fullførte heile tilbodet. Etter omlegging av rapporteringa i DBH-F i 2021, kan vi no sjå kor mange studentar som er tatt opp på slike korte studietilbod under 30 studiepoeng.

## 3.6 Opptaksgrunnlag

### Flest får opptak på grunnlag av fag- og sveinebrev

Hausten 2022 var det 18 100 *nye* studentar[9] som blei tatt opp til høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er 1 600 færre nye studentar enn ved opptaket i 2021. Som ein kan sjå i figur 3.12, er fag- og sveinebrev fortsett det vanlegaste opptaksgrunnlaget, og andelen som vert tatt opp på dette grunnlaget aukar. Det gjer òg andelen som vert tatt opp på grunnlag av realkompetansevurdering, medan studentar med generell studiekompetanse utgjer ein stadig mindre del av studentmassen.

Av alle nye studentar i 2022 vart 56 prosent, eller om lag 10 200 studentar, tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Dette er ein auke i andelen på to prosentpoeng frå 2021. Andelen nye studentar med generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag sank med fire prosentpoeng til 23 prosent i 2022.

Figur 3.12 Nye studentar etter opptaksgrunnlag, 2018–2021




**Vedlegg:** V3.12
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

[9] Med nye studentar meiner vi studentar som for første gang er registrert innan høgare yrkesfagleg utdanning.

### Det er klare skilnader i opptaksgrunnlag mellom dei ulike fagområda

Dei faglege skilja i opptaksgrunnlag er tydelege, og varige over tid. Figur 3.13 viser at fag- og sveinebrev er klart det viktigaste opptaksgrunnlaget for studentar innan helse- og velferdsfaga, samferdsel og tekniske fag. Det er i desse fagområda vi finn flest utdanningar som tydeleg bygger på dei vidaregåande yrkesfaga, så samanhengen og stabiliteten er føreseieleg. Tydelegast er denne samanhengen i helse- og velferdsfaga, der fagbrev og realkompetanse nesten er einerådande.

Innan tekniske fag er nesten kvar femte student tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, og nesten like mange på grunnlag av realkompetanse. Data/IT-fag ligg under dei tekniske faga, men skil seg frå dei andre meir tradisjonelle tekniske faga når ein ser på opptaksgrunnlaget. Over 90 prosent av studentane med generell studiekompetanse studerer data/IT-fag. Opptaksgrunnlaget for dei andre meir tradisjonelle tekniske faga er i hovudsak yrkeskompetanse følgt av realkompetanse.

I samferdselsfaga er det i all hovudsak studentar i dei maritime faga som har fagbrev som opptaksgrunnlag, medan generell studiekompetanse er det vanlegaste opptaksgrunnlaget innan luftfartsfaga. I dei kreative faga er studentane i all hovudsak tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Sjølv om det finst ulike kreative studieretningar på vidaregåande, gir alle desse berre generell studiekompetanse.

Økonomi- og administrasjonsfaga er det fagområdet med størst bredde i opptaksgrunnlaga.

Figur 3.13 Nye studentar etter opptaksgrunnlag per fagområde, 2022




**Vedlegg:** V3.13
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Opptaksgrunnlag og alder heng saman

I figur 3.14 ser vi korleis aldersfordelinga er mellom nye studentar hausten 2022, fordelt på dei ulike opptaksgrunnlaga. Studentar med opptak på bakgrunn av yrkesfagleg kompetanse er jamt fordelt i dei ulike aldersgruppene. Kvar fjerde student er 25 år eller yngre, og litt over halvparten av studentane med opptak på bakgrunn av yrkesfagleg kompetanse er 30 år eller eldre.

Til samanlikning er studentane som vert tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse er ei relativt homogen gruppe når vi ser på alder. To av tre studentar med dette opptaksgrunnlaget er under 30 år.

Studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse har, som i fjor, ei motsett alderskurve i høve til generell studiekompetanse. Her er den største aldersgruppa 41- 50 år, tett etterfølgt av aldersgruppa 35–40 år. Nær fire av fem studentar med opptak på grunnlag av realkompetanse er 30 år eller eldre. Med unntak av enkelte kunstutdanningar, må ein vere fylt 23 år for å kunne bli tatt opp på grunnlag av realkompetanse.

Figur 3.14 Nye studentar i 2022 ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder.




**Vedlegg:** V3.14
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Fleire får opptak på grunnlag av realkompetanse

Fagskulane har i mange år hatt ein relativt høg andel opptak på grunnlag av realkompetanse, særleg innan dei tradisjonelle yrkesfaga. Opptak på grunnlag av realkompetanse betyr at fagskulen vurderer om søkaren har kunnskap, ferdigheiter og kompetanse som svarar til opptakskrava for utdanninga, når studenten ikkje har dokumentert kompetanse frå vidaregåande nivå. Dette er ein måte å anerkjenne kompetanse på andre måtar enn gjennom det formelle utdanningssystemet.

Regjeringa har ei målsetting om auka bruk av realkompetansevurdering ved opptak til vidareutdanningstilbod ved både høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Med dei store utfordringane vi står overfor i dag, med eit høgt antal menneske som står utanfor både utdanning og arbeid, samstundes som arbeidslivet treng fleire folk, vert det stadig viktigare å ta i bruk realkompetansevurdering for å bidra til å få folk utan formell kompetanse inn i arbeidslivet. Tala her viser at fagskulesektoren ligg godt an i dette arbeidet.

I 2022 blei heile 17 prosent av alle nye studentar, tilsvarande over 3 000, tatt opp på grunnlag av realkompetanse (jamfør figur 3.12 over). Dette er ein auke på 3 prosentpoeng i høve til opptaket av nye studentar i 2021. I figur 3.15 ser vi korleis realkompetanse som opptaksgrunnlag i dei ulike fagområda har vore nytta i perioden 2018–2022. Det er særleg innan tekniske fag at det har blitt betydeleg auka bruk av realkompetanse som opptaksgrunnlag, men innan økonomi- og administrasjonsfaga er det størst andel av studentane (25 prosent) som er tatt opp på grunnlag av realkompetanse.

Figur 3.15 Nye studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse fordelt på fagområde, 2018–2022




**Vedlegg:** V3.15
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Datagrunnlaget seier ikkje noko om årsaka til auken i opptak på grunnlag av realkompetanse, men vi veit at nokre fagskular jobbar systematisk med å bli betre på realkompetansevurdering. I 2020 blei rettleiaren for opptak på grunnlag av realkompetanse i høgare yrkesfagleg utdanning oppdatert i eit samarbeid mellom HK-dir (Kompetanse Noreg), representantar frå fagskulane, NOKUT og Sikt (Unit) (Alfsen & Storli, 2020). Rettleiaren skildrar lovgrunnlag, retningslinjer og generelle prosessar for vurdering av realkompetanse ved opptak, og døme på metodar og verktøy fagskulane kan bruke. Rettleiaren er tilgjengeleg på NOKUT sine nettstader, men vi veit ikkje i kva grad denne har bidratt til auka merksemd på og bruk av realkompetansevurdering i høgare yrkesfagleg utdanning.

### Endring i studentprofilen til studentar på økonomi- og administrasjonsfag

Økonomi- og administrasjonsfaga har fått ein endra profil dei seinare åra. Det har vore ein vekst frå under 1 800 studentar i 2018 til ein foreløpig topp på nesten 5 400 i 2021, og så ein liten reduksjon på om lag 500 i 2022. I tillegg til at det har blitt mange fleire studentar på dette fagområdet, har profilen til desse studentane endra seg.

Studentane har vorte eldre. I 2018 var 60 prosent av studentane i økadm-faga 30 år eller eldre, medan denne andelen har stege til 70 prosent i 2022. Samstundes har studentane sin faglege bakgrunn endra seg mykje. Medan nesten halvparten av alle studentane hadde opptak på grunnlag av generell studiekompetanse i 2018, var det berre om lag 30 prosent med ein slik bakgrunn i 2022. No har om lag 40 prosent opptak på grunnlag av fag- eller sveinebrev, og heile 25 prosent på grunnlag av realkompetanse.

I tillegg er det ei tydeleg utvikling i retning av at studentane vel lengre utdanningar innan økonomi- og administrasjon. Nær 2 av 3 studentar tok utdanningar på 30 studiepoeng i 2018. I 2022 er det berre 1 av 3 som gjer det same. Halvparten av studentane tar no utdanningar på 60 studiepoeng. Det er særleg innan eittårige leiarutdanningar at det har vore ein stor vekst av studentar, og dei fleste av desse har opptak på grunnlag av yrkesfag eller realkompetanse.

Utviklinga kan mellom anna tolkast som at yrkesaktive personar tar leiarutdanningar for å stige i gradene, eller for å endre karrieren på andre måtar. Leiarutdanning har tradisjonelt vore ein del av dei toårige tekniske utdanningane som har gitt fagarbeidarar moglegheit til å gå over i stillingar som mellomleiarar. No ser vi at fleire tar reindyrka leiarutdanningar.

## 3.7 Fullføring på normert tid

### Lågare fullføring, særleg i helsefaga

Fullføringstala, som inkluderer eit ekstra semester til normert tid, ha lege stabilt kring 65 prosent dei siste åra (tabell 3.4). Tala for 2022 viser ein fullføringsgrad på 61 prosent. Dette er ein lågare fullføringsgrad enn tidlegare år, òg når vi tar høgde for at siste året alltid ligg litt lågare. I fjorårets rapport var det 63 prosent fullføring for 2021, som då var siste året. Dette har stige til 64 prosent når vi no året etter har fått talt med alle studentane.

Som vi skal sjå under er det relativt store faglege variasjonar i fullføringstala. Eit samla snitt på 61 prosent innanfor det vi har definert som normert tid, er ikkje spesielt høgt. Likevel er det høgare enn gjennomsnittleg fullføringsgrad på bachelorutdanningar ved universitet og høgskular (HK-dir, 2023). Tatt i betraktning at ein svært høg andel av fagskulestudentane først og fremst er arbeidstakarar som studerer ved sida av jobb, kan fullføringsgraden vurderast som nokså god. Som vi skal sjå under, er det ein klar samanheng mellom alder, deltidsutdanning og graden av fullføring.

Tabell 3.4 Fullføring på normert tid, 2018–2022

| Årstal normert tid* | Antal opptatte studentar | Antal fullført på normert tid* | Andel fullført på normert tid* |
|---|---|---|---|
| 2018 | 8 338 | 5 440 | 65 % |
| 2019 | 7 445 | 4 920 | 66 % |
| 2020 | 8 540 | 5 537 | 65 % |
| 2021 | 9 761 | 6 286 | 64 % |
| 2022** | 10 441 | 6 420 | 61 % |

Merknad: *Normert tid pluss eitt semester, sjå metodekapittelet. **Tala for 2022 i tabellen er ikkje korrigert med ekstra semester (normert tid + 1 semester) og er dermed lågare enn tidlegare år.

Eit djupdykk i tala i figur 3.16 viser oss at det særleg er i helse- og velferdsfaga at fullføringa er låg i 2022, og det er berre dette fagområdet som ligg under snittet på 61 prosent. Fullføringa i dette fagområdet ligg lågare enn dei andre fagområda kvart år, men er lågare i år enn tidlegare år. Det er helseutdanningane som ligg særleg lågt, medan oppvekstfaga ligg på 64 prosent. Vi veit dei fleste helsefag-studentane er over 30 år, og at dei studerer på deltid ved sida av jobb. Dette er faktorar som ein med god grunn kan vente påverkar fullføringsgraden. Dei siste åra har denne yrkesgruppa òg opplevd eit særleg høgt arbeidspress i samband med pandemien, i tillegg til at det generelt er utfordringar med låg bemanning og høgt sjukefråvær. I fjor såg vi òg ei lågare fullføring for desse studentane, og nokre fagskular melde at det var fleire som hadde søkt om permisjon frå utdanninga.

Dei andre fagområda ligg kring det samla snittet på 61 prosent eller høgare. I dei tekniske faga er fullføringa på 64 prosent, om lag det same som tidlegare år. Her er det òg ein høg andel godt vaksne arbeidstakarar som studerer ved sida av jobb. Det er derfor ikkje overraskande at det er noko lågare fullføringsgrad på normert tid for desse to fagområda i høve til dei andre områda.

I samferdselsfaga[10] og dei kreative faga er fullføringa på over 70 prosent, noko som må kunne seiast å vere svært bra. Dette er òg dei fagområda der det er ei stor overvekt av studentar på heiltid, ein variabel vi skal sjå nærare på under.

Figur 3.16 Fullføringsgrad på normert tid per fagområde for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2020–2022




Merknad: Normert tid inkluderer eitt ekstra semester for åra 2020 og 2021.

**Vedlegg:** V3.16
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

[10] Som omtala metodekapitlet er luftfartsfaga tatt ut av fullføringstala. Dette er gjort fordi fullføringsgraden er så låg at det fordreiar bilete av dei andre faga i denne kategorien så mykje at verdien av ein snittberekning forsvinn.

### Størst utfordring med fullføringa i dei nettbaserte tilboda

Fullføringa på dei nettbaserte tilboda ligg framleis eit stykke under det samla snittet, og berre halvparten av desse studentane fullførte på normert tid i 2022 (figur 3.17). På dei nettbaserte tilboda med samling er fullføringa på 63 prosent, og ligg jamt over dei reint nettbaserte tilboda. Sjølv om det kan finnast andre forklaringar, tydar denne skilnaden på at organiserte samlingar som supplerer nettundervisning bidreg til å få studentane gjennom heile utdanninga.

Dei stadbaserte utdanningane har framleis høgast fullføringsgrad, men det er ein påfallande stor nedgang i høve til tidlegare år, med heile sju prosentpoeng. Det er særleg på stadbaserte eittårige utdanningar på deltid at det er ein stor nedgang i høve til tidlegare år. Dette er studentar som starta på utdanninga si i 2020, det første året med pandemi, noko som kan vere ei forklaring. Tala for fullføring på heiltid og deltid i figur 3.18 underbygger ei slik tolking av tala.

Figur 3.17 Fullføringsgrad på normert tid etter utdanningsform for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2020–2022




Merknad: Normert tid inkluderer eitt ekstra semester for åra 2020 og 2021.

**Vedlegg:** V3.17
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Studentar på heiltid fullfører oftare på normert tid

Tala for fullføring etter heiltid og deltid viser rimeleg nok òg ein nedgang, då begge dei to store fagområda går ned. Det er særleg deltidsutdanningar på 60 studiepoeng (i hovudsak helsefag) og heiltidsutdanningar på 120 studiepoeng som gir ein nedgang samanlikna med tidlegare år. Desse studentane har det til felles at dei starta hausten 2020, altså første året med pandemi. Fullføringa for utdanningar på 30 studiepoeng deltid eller 60 studiepoeng fulltid, altså dei som starta hausten 2021 eller i løpet av 2022, er på mellom 60 og 74 prosent. Om skilnaden kan forklarast med pandemitiltaka veit vi ikkje, men utviklinga dei neste åra kan kanskje gje oss ei peikepinn.

Figur 3.18 Fullføringsgrad på normert tid etter heiltid og deltid, for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2020–2022




Merknad: Normert tid inkluderer eitt ekstra semester for åra 2020 og 2021.

**Vedlegg:** V3.18
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Sjølv om vi kan argumentere for at ein fullføringsgrad på over 60 prosent er rimeleg bra, er det framleis nesten 40 prosent av studentane som ikkje fullfører på normert tid. Ein del av desse fullfører likevel seinare, medan nokre avsluttar utdanninga før dei er heilt i mål. Ein kan stille spørsmålsteikn ved kor godt mål fullføring på normert tid er, og kva det er eit mål på. Samstundes som vi ser på fullføringsgrad som ein indikator på kvalitet, er det eit stort fokus på å gjere utdanning meir tilgjengeleg for fleire, altså auka fleksibilitet i alle moglege formar. Ein konsekvens av fleksibilitet i utdanningane er at normert tid som mål vert mindre relevant. Fleksibel studiestart gjennom heile året, moglegheit til å skifte mellom deltid og heiltid eller stad- og nettbasert, eller moglegheita til å ta ein, to eller fleire modular suksessivt eller når det måtte passe; dette er formar for fleksibilitet som gjer det enkelt for arbeidstakarar å hoppe på og av utdanningstilbod, men som utfordrar fullføring på normert tid som eit mål på kvalitet.

## 3.8 Uteksaminerte studentar

I 2022 blei det uteksaminert om lag 10 200 studentar, om lag 300 fleire enn i 2021. Sett i høve til 2018 blei det uteksaminert 70 prosent fleire studentar i 2022, noko som heng naturleg saman med auken i studenttalet. Alle som har fullført eit heilt vitnemålsgjevande utdanningstilbod vert rekna som ein uteksaminert student. Det kan vere alt frå ei gradsutdanning på to år, til eit vitnemålsgivande tilbod på til dømes fem studiepoeng.

### Talet på uteksaminerte studentar aukar

Figur 3.19 viser auken i talet på uteksaminerte studentar fordelt på fagområde dei siste fem åra. Det mest interessante med utviklinga som kjem til syne i denne figuren, er at det vert stadig større variasjon i utdanningslengda, særleg innan dei tre største fagområda. Medan det i 2018 i stor grad vart uteksaminert studentar på 120 studiepoengs-tilbod i tekniske fag, og relativt få på 60 studiepoeng, ser vi no at stadig fleire tek utdanningar på både 60 og 30 studiepoeng, i tillegg til alle dei korte modulane på under 30 poeng som har vakse fram. Vi ser ein liknande utvikling i retning større mangfald av utdanningslengder innan helse- og velferdsfaga og økonomi- og administrasjonsfaga.

Framveksten av dei korte studietilboda på under 30 studiepoeng kjem fram i dei gule søylene. Dette er tilbod som fagskulane ikkje hadde lov til å tilby tidlegare. I figuren vert det tydeleg at framveksten av desse korte tilboda kjem i tillegg til, og ikkje på kostnad av, dei tradisjonelle tilboda, då desse òg aukar i omfang. Auken i talet på uteksaminerte studentar på desse korte tilboda viser at dei har svart på eit behov.

Figur 3.19 Uteksaminerte studentar med fagskulegrad og høgare fagskulegrad per fagområde, 2018–2022




Merknad: Tala for åra 2021 og tidlegare er korrigert samanlikna med tidlegare tilstandsrapportar. Sjå metodedel, avsnitt 2.1 for forklaring.

**Vedlegg:** V3.19
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Høgare fagskulegrad kvalifiserer til meisterbrev

Kandidatar som får ein høgare fagskulegrad frå ein rekke fagskuleutdanningar og oppfyller visse krav kan søke Meisterbrevnemnda om å få tittelen meister.[11]

Det er Meisterbrevnemnda som har ansvar for forvaltning og utvikling av meisterbrevordninga i Norge. Ansvaret er heimla i lova om meisterbrev i handverk og anna næring (Mesterbrevloven, 2021). Meisterbrev er ei lovbeskytta tittel for handverkarar som tek ein meisterutdanning med faga bedriftsleiing, fagleg leiing og fagleg fordjuping, eller tilsvarande utdanning. Utdanninga skal setje handverkaren betre i stand til å starte og leie eiga bedrift og drive opplæring av lærlingar fram mot fag- og sveineprøve. Det er mogleg å få tittelen som meister i bilfag, byggfag, estetiske fag, grafiske fag, matfag, møbel og trefag og verkstadhandverksfag.

Av 570 kandidatar som kvalifiserte til meisterbrev i 2022, var det 213 som fekk tittelen på grunnlag av ein høgare fagskulegrad. Dei aller fleste av desse (129 personar) har fått meistertittel innan tømrarfaget. Det var 56 personar som fekk meistertittel innan røyrleggarfaget. Dei resterande 28 fekk meisterbrev i andre fag. Dei andre som fekk tittelen meister fekk den etter å ha følgt meisterordninga sitt eige utdanningsløp eller etter ei realkompetansevurdering.[12]

[11] Har minst karakteren D i fordjupinga innan bestemte meisterfag og fyller vilkåra for meisterbrevknytt til fag-/sveinebrev og praksiskravet.

[12] Alle tal i dette delkapittelet kjem frå Meisterbrevnemnda

Tekstboks 3 Høg arbeidsmarknadsrelevans i høgare yrkesfagleg utdanning

Våren 2023 publiserte NIFU Kandidatundersøkinga for høgare yrkesfagleg utdanning. Undersøkinga tar for seg kandidatar som fullførte høgare yrkesfagleg utdanning i 2019 og 2020. I tillegg er registerdata på alle fagskulestudentar i perioden 2010-2020 analysert for å sjå på endringar i løn og sysselsetjing over tid.

Undersøkinga viser at fagskulekandidatane er attraktive i arbeidsmarknaden. Blant dei som fullførte utdanninga i 2019 og 2020, var det høg yrkesaktivitet og låg arbeidsløyse. Sjølv om desse tala har vore gode tidlegare år òg, er det endå fleire som har jobb i fagfeltet dei utdanna seg til, samanlikna med tidlegare kull. Dei aller fleste studentane (84%) svarar at dei totalt sett er nøgd med utdanninga, og at arbeidsrelevansen er høg.

Ein særleg stor del av kandidatar frå utdanningane som byggjer på fagbrev er i jobb eit år etter utdanninga. Desse kandidatane har i stor grad ei kontinuerleg tilknyting til arbeidslivet og fagfeltet, og mange held fram i same bedrift. To av tre av desse har likevel fått ny stilling etter utdanninga. Undersøkinga viser òg at dei fleste får høgare løn.

Det er særleg studentar i tekniske fag og maritime fag som får størst lønsauke etter utdanninga, men dette kan òg vere påverka av at dei tar utdanninga tidlegare i karrieren. Helsefagstudentar er eldre når dei tek utdanninga, og får i liten grad ny stillingstittel eller høgare løn. Tala tyder likevel på at mange går frå turnusarbeid til dagarbeid etter utdanninga, samstundes som løna er på same nivå som når dei hadde turnustillegg. Det er desse studentane som er mest fornøgd med utdanninga.

Dei fleste kandidatane som ikkje er yrkesaktive etter avslutta høgare yrkesfagleg utdanning har fortsett i anna utdanning. Det er særleg i dei kreative faga og økonomi- og administrasjonsfaga vi finn desse. Av studentane frå desse faga som *er* i jobb etter utdanninga, svarer dei fleste at arbeidsoppgåvene anten krev høgare eller lågare utdanning enn høgare yrkesfagleg utdanning.

Det er òg i desse to fagområda at det er mest skulepengar, og undersøkinga viser at Lånekassen er den viktigaste kjelda for å finansiere desse utdanningane. Samstundes svarar studentar på utdanningstilbod *utan* skulepengar at dei i stor grad får støtte frå arbeidsgjevar, men dette gjeld truleg støtte til opplæringsmateriell, permisjon eller liknande.

**Kjelde: Alne, m.fl. (2023)**

## 3.9 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular

Kvart år vel nokre av studentane som er uteksaminert frå høgare yrkesfagleg utdanning å bli student ved eit universitet eller ein høgskule. På same måte er det kvart år studentar som startar på ein høgare yrkesfagleg utdanning som har bakgrunn frå eit universitet eller høgskule.

Overgangsordningane for studentar som flyttar seg mellom dei to utdanningssektorane, er ikkje godt utvikla eller koordinert på tvers av institusjonar. Dette kan tidvis føre til unødige utfordringar for dei som ynskjer å bevege seg på tvers av sektorar. I fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)) blei det presentert fleire tiltak for å legge til rette for overgangar mellom høgare yrkesfagleg utdanning og universitet/høgskular. Ved årskiftet 2020–2021 lyste HK-dir ut slike midlar til samarbeidsprosjekt mellom fagskular og universitet/høgskular. Det blei tildelt 7,5 millionar til sju prosjekt. Prosjekta hadde oppstart i 2021. Eitt av prosjekta blei avslutta i løpet 2022, medan dei resterande seks skal avsluttast i 2023. Alle prosjekta rapporterer på resultat først i 2023. Parallelt med dette har NOKUT starta arbeid med ein rettleiar om slike overgangar.

Anten overgangsordningane er gode eller dårlege, beveger studentar seg på tvers av desse to utdanningssektorane. I dette kapitelet skal vi sjå nærmare på desse overgangane.

### Overgang frå universitet eller høgskule til høgare yrkesfagleg utdanning

Vi veit lite om kva som ligg til grunn for at studentar tidlegare registrert ved eit universitet eller ein høgskule vel å søkje seg til høgare yrkesfagleg utdanning. Ein vanleg teori er at dei ynskjer å utvide kompetansen sin med ei praktisk retta utdanning for å lettare å kome ut i arbeid, eller betre møte kompetansebehova innan feltet dei allereie jobbar innan. Det kan òg tenkast at det er studentar som har valt feil, og heller ynsker ei anna og meir yrkesretta utdanning. Truleg er begge desse forklaringane aktuelle.

Andelen studentar i høgare yrkesfagleg utdanning som tidlegare har vore registrert som student ved ein høgskule eller et universitet ligg på om lag 24 prosent i 2022, ein liten nedgang på under eitt prosentpoeng, det utgjer like over 280 studentar.

I figur 3.20 ser vi korleis studentane med bakgrunn frå eit universitet eller høgskule fordeler seg på fagområde i høgare yrkesfagleg utdanning. Andelen er høgast innan økonomisk og administrative fag. I 2022 hadde om lag 37 prosent eller om lag 1 790 studentar innan dette fagområdet vore registrert ved eit universitet eller høgskule. Dette er ein nedgang på nesten 2 prosentpoeng og i reelle tal, 280 studentar frå året før.  Nest høgast andel finn vi i kategorien kreative fag, der 35 prosent eller nesten  910 av studentane tidlegare har vore registrert ved eit universitet eller høgskule, ein auke på 3 prosentpoeng og 20 studentar i reelle tal frå året før. Den lågaste andelen studentar som har vore registrert ved eit universitet eller høgskule før dei starta på høgare yrkesfagleg utdanning finn ein innan samferdsel, der berre ni prosent av studentane har ein slik bakgrunn. Her ser vi ein nedgang på 3 prosentpoeng, eller om lag 50 studentar frå året før.

Figur 3.20 Fagskulestudentar tidlegare registrert ved UH-institusjon, etter fagområde 2019–2022




**Vedlegg:** V3.20
**Kjelde: DHB-F**

Innan dei to største fagområda, tekniske fag og helse og velferdsfag, er andelen studentar med bakgrunn frå eit universitet eller høgskule på høvesvis 21 og 20 prosent, ein auke på to prosentpoeng for teknisk og same som året før for helse og velferd. Sjølv om andelen er lågare enn for økonomi og administrasjon, er det interessant å merke seg at det er ein tendens at ein stor andel av studentane innan dei største fagområda har bakgrunn frå universitet eller høgskule når dei søker seg til høgare yrkesfagleg utdanning. I reelle tal er det ein auke på om lag 320 studentar innan tekniske fag og 80 studentar innan helse- og velferdsfag frå 2021.

### Studentar registrert ved eit universitet eller ein høgskule etter avslutta høgare yrkesfagleg utdanning

Overgangar frå høgare yrkesfagleg utdanning til utdanning ved universitet og høgskule, handlar nok fyrst og fremst om eit ynskje om vidare utdanning på høgare nivå. Innan dei kreative faga veit vi at det er fleire som bruker høgare yrkesfagleg utdanning som eit utgangspunkt for å kvalifisere seg til ein kunstutdanning på kunsthøgskule. Innan tekniske fag veit vi òg at det er ein del studentar som søkjer seg inn på ingeniørutdanningar etter at dei har fullført ein høgare fagskulegrad (UHR, 2021).

Tabell 3.5 viser tal på uteksaminerte fagskulekandidatar det året dei vart uteksaminert, og kor mange av desse som seinare er registrerte som student ved eit universitet eller høgskule. Av dei nesten 9 000 studentane som avslutta ein høgare yrkesfagleg utdanning på 30 studiepoeng eller meir i 2022, var det litt fleire enn 800 som gjekk vidare til anna høgare utdanning. Bilete er nokon lunde likt for kvart kull. Om lag ti prosent går vidare same året dei er ferdige, og så aukar talet litt for kvart år som går. Av studentane som vart uteksaminert i 2018 er det no 19 prosent som har gått vidare til eit universitet eller høgskule.

Tabell 3.5 Fagskulestudentar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, 2019–2022

| Årstal | Antal fagskulestudentar det året dei vart uteksaminerte | Antal uteksaminerte fagskulestudentar seinare registrert ved UH | Andel uteksaminerte fagskulestudentar seinare registrert ved UH |
|---|---:|---:|---:|
| 2018 | 6 094 | 1 160 | 19 % |
| 2019 | 6 145 | 1 134 | 18 % |
| 2020 | 7 013 | 1 235 | 18 % |
| 2021 | 8 265 | 1 129 | 14 % |
| 2022 | 8 865 | 803 | 9 % |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

I tabell 3.6 ser vi nærare på andel overgangar i høve til talet på uteksaminerte per fagområde i 2022. Det er klart ein størst andel av studentane innan kreative fag som går vidare til anna høgare utdanning same året som dei avsluttar sin høgare yrkesfagleg utdanning. Heile 16 prosent av alle som vart uteksaminert frå kreative utdanningar i 2022, vart registrert ved eit universitet eller høgskule same år. I økonomi- og administrasjonsfaga var det 12 prosent av dei uteksaminerte som gjekk direkte vidare, medan det i helse- og velferdsfaga var åtte prosent.

Tabell 3.6 Fagskulestudentar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, fordelt på fagområde, 2022

| Fagområde | Antal fagskulestudentar uteksaminerte i 2022 | Antal uteksaminerte fagskulestudentar seinare registrert ved UH | Andel uteksaminerte fagskulestudentar seinare registrert ved UH |
|---|---:|---:|---:|
| Helse og velferd | 2 119 | 177 | 8 % |
| Kreativ | 1 125 | 185 | 16 % |
| Samferdsel | 648 | 8 | 1 % |
| Teknisk | 2 524 | 135 | 5 % |
| ØkAdm | 2 130 | 261 | 12 % |
| Anna | 299 | 37 | 12 % |
| Uoppgitt | 20 | - | 0 % |
| **Totalt** | **8 865** | **803** | |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

# 4 Fagskular og utdanningstilbod

Det er eit mål at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere tilgjengeleg i heile landet, og at utdanningane skal halde høg kvalitet. Fagskulemeldinga frå 2017 ga ei tydeleg føring for den institusjonelle utviklinga i høgare yrkesfagleg utdanning. Større einingar skal føre til «*større faglig tyngde og kapasitet i fagmiljøene, i studentdemokratiene og i ledelse og administrasjon, noe som på sikt vil bidra til økt kvalitet i utdanningen.*» (Meld. St. 9 (2016–2017), s. 56). Etter at meldinga vart handsama i Stortinget har vi sett at mange fagskular har fusjonert og blitt større. Både fylkeskommunale og private fagskular har tatt oppmodinga og samla seg til større einingar. Samstundes har dei i stor grad halde på dei ulike studiestadane.

Tekstboks 4 Handlingsplan for universell utforming

Høgare yrkesfagleg utdanning skal vere eit godt og tilgjengeleg tilbod for alle. Gjennom fagskulemeldinga *Fagfolk for fremtiden* vart det sett i gang eit kartleggingsarbeid av kva støtte fagskulane treng i arbeidet med å inkludere studentar med ulike funksjonsnedsettingar. Ei undersøking gjennomført av HK-dir i 2019 (da «Universell») (Universell, 2019) viste at det er stor funksjonsvariasjon blant fagskolestudentane. Heile 23 prosent av fagskolestudentane rapporterte om ei varig funksjonsnedsetting eller sjukdom som påverka moglegheita til å gjennomføre studia, og kvar 20. fagskulestudent opplevde at funksjonsnedsettinga hadde ein klar negativ påverknad på moglegheita til å studere.

I forarbeida til gjeldande fagskulelov vart det presisert at alle fagskular skal ha ein handlingsplan for universell utforming og individuell tilrettelegging, for å sikre eit godt og inkluderande læringsmiljø av høg kvalitet for alle studentar. Mange fagskular jobbar allereie godt og systematisk med inkludering og tilrettelegging, og talet på handlingsplanar innan dette området er på veg opp.

HK-dir ser òg ei aukande interesse for kunnskap om temaet, og mange etterspør verkemidla som direktoratet tilbyr. Ein del fagskular viser veg ved å ta i bruk direktoratets rettleiar *Dysleksi i fagskolen* (Universell, 2020) og *Kunsten å lære* (Schønfeldt, 2018). Fleire fagskular søker tilskot for å gjennomføre prosjekt om universell utforming av det digitale læringsmiljøet, og interessa for å delta på felles arrangement med universitets- og høgskule-sektoren for fagleg påfyll om inkludering og tilrettelegging er aukande. Mange studentar har fått tilgang til studielitteratur på lyd, eit prosjekt som er satt i gang i samarbeid mellom eit knippe fagskular, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) og HK-dir. Gode utlånstal indikerer at det er eit ønske om og trong for slike hjelpemidlar.

Arbeidet med inkludering og tilrettelegging i fagskulen vil førast vidare i tida framover, med mål om auka kunnskap om universell utforming, funksjonsvariasjon og individuell tilrettelegging. Dette vil vere viktig for at fleire kan ta fagskuleutdanning, og bidrar til å auke kvaliteten for alle studentar.

**Kjelde: HK-dir**

## 4.1 Fagskular og studiestader

Kvart år skjer det institusjonelle endringar i høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskular vert slått saman, nokre vert lagde ned, og andre vert starta opp. Talet på studiestadar endrar seg òg kvart år. Av den grunn opererer vi med eit augneblinksbilete når vi tel fagskular og studiestader. I dette kapittelet legg vi til grunn rapporteringa hausten 2022[13].

### Endringar i institusjonsbilete i 2022

Hausten 2022 var det 58 fagskular som rapporterte aktivitet på 170 ulike studiestader. Dette er tre færre fagskular enn i 2021, og ti fleire studiestader enn i 2021. Veksten i studiestader skuldast mellom anna at fagskular vert omgjort til studiestader ved fusjonar eller oppkjøp, men òg at fagskulane etablerer nye studiestader der kompetansebehova er. Samanslåingar handlar gjerne om forbetra styring og administrasjon, og ikkje om nedlegging og sentralisering.

Tabell 4.1 gir eit oversyn over institusjonelle endringar i 2022. Dei siste åra har endringane i sektoren i stor grad handla om fusjonar og oppkjøp. I 2022 var det dei fylkeskommunale fagskulane i Hordaland og Sogn og Fjordane som fusjonerte til Fagskulen Vestland. Dette er foreløpig den siste fusjonen i samanslåingsprosessen av dei fylkeskommunale fagskulane. I tillegg kjøpte Fagskulen Noroff opp den mykje mindre fagskulen Emergence School of Leadership.

To nye fagskular rapporterte aktive studentar i 2022. Den private fagskulen Din kompetanse leverer utdanningar innan helse- og velferdsfag, og har på kort tid blitt ein nasjonal aktør med aktivitet i store delar av landet. I tillegg har vi fått Sjøforsvarets fagskule, som er ein ny, statleg fagskule. Dette er foreløpig ein forsøksordning, men Forsvaret har iverksett ein utredning av moglegheita for å akkreditere fleire av Sjøforsvarets fag- og funksjonsutdanningar som høgare yrkesfagleg utdanning. Utdanninga som vart starta i 2022 er ei toårig utdanning som minedykkaroperatør. Langtidsplanen for forsvarssektoren[14] slår fast at det er eit mål å opprette høgare yrkesfagleg utdanningar i Forsvaret som ikkje vert tilbode sivilt.

Tabell 4.1 Organisasjonsendringar i 2022

| Endringar i institusjonsbilete i 2022 | Tidlegare organisering | Eigar | Merknad |
|---|---|---|---|
| Fagskulen Vestland | Fagskolen i Hordaland<br>Fagskolen i Sogn og Fjordane | Offentleg | Samanslåing |
| Noroff | Emergence School of Leadership | Privat | Oppkjøp |
| Beauty og Helse Akademiet AS | Tone Lise Akademiet | Privat | Namneendring |
| Din Kompetanse fagskole | | Privat | Ny |
| Sjøforsvarets Fagskole | | Offentleg | Ny |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F og NOKUT**

[13] Friluftsfagskulen og Imageakademiet rapporterte studentar hausten 2021, men ikkje hausten 2022, og er difor ikkje tald med i år. I tillegg blei det rapportert inn 12 studentar på Fagskolen Troms i 2021, sjølv om dei var slått saman til Fagskolen i Nord.
[14] Prop. 14 S «Evne til forsvar – vilje til beredskap – Langtidsplan for forsvarsektoren» (langtidsplanen), punkt 5.5.3.

### Eit frampeik på den institusjonelle utviklinga?

Kvart år vert det registrert nye organisasjonar med akkreditering som høgare yrkesfagleg utdanning. Nokre kjem fort i gang med nye studentar, medan andre aldri vert noko av. Overblikket over slike nye organisasjonar i tabell 4.2 gir eit frampeik på kva vi kan vente av institusjonell utvikling dei neste par åra. Fem organisasjonar har fått vilkårsbunden akkreditering som tilbydar av høgare yrkesfagleg utdanning i 2022, men har endå ikkje rapportert aktive studentar.

Om alle desse fagskulane kjem i gang med aktivitet, vil vi truleg sjå ein auke i talet på fagskular igjen, for første gang på fleire år. I lys av veksten vi har sett i høgare yrkesfagleg utdanning, og dei politiske signala om vidare satsing på denne sektoren, er det kanskje ikkje rart at det kjem fleire aktørar til. Det er likevel grunn til å følgje med på om vi får ei utvikling i retning av fleire, små aktørar igjen, etter fleire år med ei klar utvikling i tråd med dei politiske signala i fagskulemeldinga.

Tabell 4.2 Nye organisasjonar med akkreditering som fagskule i 2022, men foreløpig utan studentar

| Nye institusjonar i 2022 utan studentar | Eigar | Merknad |
|---|---|---|
| Fagskolen Diakonova | Privat | Ny |
| Brann og redningsskolen | Offentleg | Ny |
| GET Academy AS | Privat | Ny |
| Neste Steg Norge AS | Privat | Ny |
| Norwegian School of Technology AS | Privat | Ny |

Merknad: Organisasjonane har fått vedtak om vilkårsbunden akkreditering.
**Kjelde: HK-dir/DBH-F og NOKUT**

### Store skilnader i institusjonsbilete mellom fylkeskommunane

I tabell 4.3 på neste side ser vi skilnadene i talet på fagskular og studiestader i dei forskjellige fylka. Kvar fagskule vert plassert i fylket der hovudeininga er registrert, medan ein studiestad er alle stadar der undervisning vert gjennomført som ikkje er ved hovudeininga. Mange fagskular, både private og offentlege, har studiestadar i fleire fylke. Til dømes har Fagskulen i Viken studiestadar i både Nordland og Vestland, medan Fagskulen Innlandet har studiestadar i Trøndelag, Viken og Vestfold og Telemark. Folkeuniversitetets Fagskole, som har hovudadministrasjon i Oslo, har studiestader heile landet, med unntak av Agder, Innlandet og Møre og Romsdal.

Av dei 58 fagskulane vi hadde hausten 2022, var det 42 private og 16 offentlege. Dei offentlege fagskulane består av elleve fylkeskommunale, fire statlege, og ein som er eigd av dei regionale helseføretaka.

Tabell 4.3 Fagskular og studiestadar per fylke, haust 2022

| Fylke | Fagskular | Studiestader |
|---|---|---|
| Agder | 4 | 14 |
| Innlandet | 5 | 11 |
| Møre og Romsdal | 2 | 4 |
| Nordland | 2 | 14 |
| Oslo | 16 | 25 |
| Rogaland | 4 | 11 |
| Troms og Finnmark | 1 | 8 |
| Trøndelag | 5 | 21 |
| Vestfold og Telemark | 9 | 17 |
| Vestland | 4 | 23 |
| Viken | 6 | 22 |
| **Totalt** | **58** | **170** |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Oslo er, med sine 16 fagskular og 25 studiestader, det fylket som har flest fagskular og studiestader. Det er klart flest fagskular i austlandsområdet frå Vestfold- og Telemark og opp til Trøndelag. Frå Agder og opp vestlandskysten er talet på fagskular noko lågare, medan det er klart færrast i Møre og Romsdal og dei to nordlegaste fylka.

Ser vi på talet på studiestadar vert bilete noko meir nyansert. Til dømes har Nordland heile 14 studiestadar, medan Troms og Finnmark berre har åtte, sjølv om folketal og geografi er samanliknbart. Møre og Romsdal har klart færrast studiestadar med fire, medan Agder, som er samanliknbart i høve til folketal og areal, har 14 studiestadar.

Figur 4.1 gir eit visuelt oversyn over den geografiske fordelinga av offentlege og private fagskular. Dette oversynet viser tydeleg det geografiske skiljet som er omtalt over, men viser i tillegg at det er størst spreiing på dei offentlege fagskulane. I store deler av landet er det berre er offentlege fagskular. Dei mange samanslåingane i sektoren dei seinare åra, har bidrege til at det no er få institusjonar i områda utanom Oslo, Bergen og Trondheim. Til dømes har alle dei sju offentlege fagskulane i Trøndelag blitt til ein, og Folkeuniversitetet, som tidlegare var organisert i sju ulike regionale einingar, er òg blitt til ein.

Figur 4.1 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular, 2022




Storleiken på ringane indikerer talet på fagskular i den einskilde kommunen.
For interaktiv kart, sjå: https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/2023/fagskule_kart.html
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Fagskulane er likevel til stade i distrikta, og figur 4.2 under gir eit visuelt oversyn over fordelinga av dei 170 studiestadane som er omtala over. Studiestadane for dei offentlege fagskulane er spreidde over heile landet. Dei private fagskulane har klart flest studiestader sentralt i Sør-Noreg, men samanlikna med i fjor, har det vorte fleire studiestader, både offentlege og private, i fylka Nordland, og Troms og Finnmark. For studentane handlar tilkomst til utdanning ikkje berre om kor studiestadane ligg, men òg om tilgangen til nett- og samlingsbaserte tilbod slik vi såg i kapitla 3.2 og 3.5. (figur 3.2).

Figur 4.2 Geografisk plassering av studiestader ved offentlege og private fagskular, 2022



Offentleg Privat

Storleiken på ringane indikerer talet på studiestader i den einskilde kommunen.

For interaktiv kart, sjå: https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/2023/studiestad_kart.html

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

I figur 4.3 ser vi at talet på studiestader har endra seg mykje over tid. Frå totalt sett 135 studiestadar i 2016, året før fagskulemeldinga blei vedtatt av Stortinget, har vi i dag 170 studiestadar. Mykje av denne utviklinga kan, som nemnd, tilskrivast at mange fagskular har fusjonert. Då har det som tidlegare var sjølvstendige fagskular vorte omgjord til studiestadar under ein ny og større fagskule. Noko kan likevel òg tilskrivast at nye fagskular er etablerte, og dermed ein ny studiestad.

Utviklinga i talet på studiestadar har vært nokon lunde lik i både offentleg og privat sektor. Figuren viser at talet på studiestader har auka med 16 og 19 for høvesvis offentleg og privat sektor sidan 2016. I 2022 er det 77 offentlege studiestadar og 96 private. Sjå elles vedlegg V4.3 for fleire detaljar.

Figur 4.3 Studiestadar ved offentlege og private fagskular, haust 2013–2022




**Vedlegg: V4.3**
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

## 4.2 Storleiken på fagskulane

For å gje eit bilete av korleis fagskulesektoren ser ut med tanke på storleiken på fagskulane, har vi laga figur 4.4 som viser utviklinga i talet på studentar i høve til talet på fagskular. Begge delar fordelt på offentleg og privat eigarskap.

Av figuren ser vi tydeleg den omtala nedgangen i talet på fagskular dei siste åra, samstundes som studenttalet aukar. Utviklinga er særleg markant frå åra etter fagskulemeldinga i 2017.

Talet på private fagskular vore stabilt på kring 45 frå 2016 til i 2022, då det fall til 42. I same periode har studenttalet vorte meir enn dobla til nesten 14 400 i denne delen av sektoren. Den årlege veksten har vore mellom 10 og 32 prosent.

Når vi ser på dei offentlege fagskulane er utviklinga nokså lik. Den store nedgangen i talet på institusjonar starta i 2019. Det er no berre ein fylkeskommunal fagskule i kvart fylke. I tillegg kjem fire statlege fagskular og ein som er eigd av dei regionale helseføretaka. Utviklinga i dei fylkeskommunale fagskulane er dels ein konsekvens av regionreforma og dels signala i fagskulemeldinga.

Studenttalet ved dei offentlege fagskulane har auka litt jamnare enn ved dei private, men opptrappinga av statleg finansierte studieplassar som starta i 2018 er tydeleg her òg. Totalt var det om lag 13 600 studentar ved desse fagskulane hausten 2022. Sjå kapittel 3 for meir informasjon om studentane.

Figur 4.4 Fagskular og studentar etter eigarskap, 2016–2022




**Vedlegg:** V4.4
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Færre små og fleire store fagskular

Figur 4.5 viser ei anna side av den omtala utviklinga av fagskulane dei siste åra. Figuren viser ei samanlikning av talet på fagskular i fem ulike storleikskategoriar i åra 2016, 2021 og 2022. Tala viser tydeleg utviklinga i retning av større einingar. Det har blitt markant færre fagskular i alle dei tre minste storleikskategoriane, frå og med 500 studentar og færre. Samstundes har talet på fagskular over 1 000 studentar auka frå tre til elleve. Om den største kategorien hadde vore meir finmaska, hadde vi sett at ein av desse fagskulane har godt over 3 500 studentar, medan to har over 2 000. Endå ein fagskule har like under 2 000 studentar, medan dei to neste på lista har over 1 500. Sjå elles vedlegg V6 for eit oversyn over studenttalet for alle fagskular hausten 2022.

Figur 4.5 Fagskular etter storleik. Haust 2016, 2021 og 2022




**Vedlegg: V4.5**
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Tal på fagskular som tilbyr utdanningar innan dei ulike fagområda

Figur 4.6 viser kor mange fagskular som har studentar innan dei ulike fagområda. Figuren skil mellom offentlege og private fagskular for å få frem nokre skilje. Helse- og velferdsfag vert tilbydt ved både tretten offentlege og elleve private fagskular, totalt 24 fagskular. 23 fagskular tilbyr utdanningar innan tekniske fag: ni private fagskular, alle dei elleve fylkeskommunale, og i tillegg tre av dei statlege fagskulane.

Fagområdet kreativ finn ein stort sett ved private fagskular. Av dei 13 fagskulane som tilbyr kreative utdanningar er det berre ein fylkeskommunal og ein statleg. Samferdselsfag er mogleg å studere ved 13 fagskular. Åtte offentlege fagskular tilbyr utdanningar innan skipsfart, ei statleg lokførarutdanning, og fire private luftfartsfagskular.

Økonomi- og administrasjonsfag finn ein ved seks offentlege fagskular og 12 private. Kategorien anna er ein samlekategori for alt frå grøne fag til religion og skjønnheitspleie. Utdanningar som ligg under kategorien anna vert tilbydt ved seks offentlege fagskular og ni private. Sjå vedlegg V22 for data om fagskular etter fagområde og storleik i perioden 2018–2022.

Figur 4.6 Fagskular etter fagområde og eigarskap, haust 2022




**Vedlegg**: V4.6
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Geografi og variasjonar i storleiken på fagskulane

Figur 4.7 viser kor mange fagskular det er i dei ulike storleikskategoriane i dei ulike fylka. Flest fagskular med færre enn 50 studentar finn ein i Oslo (5) og Vestfold og Telemark (3). Oslo har òg flest fagskular med over 1000 studentar (3 fagskular), tett etterfølgt av Rogaland med to fagskular i denne kategorien. I Agder er dei fire fagskulane fordelt på fire av dei fem ulike kategoriane. I fylka Møre og Romsdal og Nordland er det to relativt små fagskular, medan det i Troms og Finnmark er éin litt større. I dei fleste fylka ser vi innslag av både dei minste fagskulane med under 50 studentar, og dei største med over 1000 studentar. Vedlegg V21 inneheld ytterleg tal på fagskular etter fylke og eigarforhold i perioden 2018–2022.

Figur 4.7 Fagskular etter fylke og storleik, haust 2022




**Vedlegg:** V4.7
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

## 4.3 Fagområdeakkreditering og utdanningstilbod

I 2022 var det totalt ni fagskular som hadde fagområdeakkreditering på eitt eller fleire fagområde, som vist i tabell 4.4. Det er gitt 17 fagområdeakkrediteringar totalt, fordelt på desse ni fagskulane. Det er snakk om små endringar frå år til år, men ei betydeleg endring over tid.

Tabell 4.4 Fagskular med fagområdeakkreditering, 2022

| Fagskule | Fagområde | Antal fagområde-akkrediteringar |
|---|---|---|
| AOF Fagskolen | Helse og oppvekst<br>Økonomi og administrasjon - ny 2022 | 2 |
| AOF Norge | Helse og oppvekst | 1 |
| Fagskolen Innlandet | Teknologifag<br>Helsefag<br>Landbruksfag<br>Bygg- anleggsteknikk | 4 |
| Fagskolen i Viken | Helse<br>Teknisk | 2 |
| Fagskolen Kristiania | Helse og oppvekst<br>Design, kommunikasjon og teknologi<br>Kommersiell scenekunst – tolking og formidling<br>Økonomi og administrasjon | 4 |
| Fagskolen Rogaland | Helse og oppvekst - ny 2022 | 1 |
| Fagskulen Vestlandet | Tekniske fag | 1 |
| MedLearn AS | Helse og oppvekst | 1 |
| Norges grønne fagskole - Vea | Grøne design og miljøfag | 1 |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Desse ni fagskulane har til saman meir enn 13 000 studentar, og dekker såleis nesten halvparten av heile fagskulesektoren. Det er eit mål at fleire fagskular skal oppnå ein slik status, og regjeringa har i tillegg varsla at dei har som mål å innføre institusjonsakkreditering for sektoren.

Fagområdeakkreditering er ein viktig indikator på kvalitet. Ei slik akkreditering inneber at NOKUT har godkjent at ein fagskule har høg nok kvalitet i både kvalitetssystema og fagmiljøa til sjølv å akkreditere og endre utdanningstilbod innan det akkrediterte fagområdet. Eit område må bestå av fleire ulike utdanningstilbod. Området som vert akkreditert skal vere tett knytt til eitt eller fleire yrkesfelt, og det vert stilt klare krav til kva kompetanse fagskulen må inneha for å kunne ivareta eit slikt ansvar.

### Tal på utdanningstilbod i sektoren

Det var meir enn 600 unike utdanningstilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning hausten 2022 (tabell 4.5). Flest finn vi innan tekniske fag (179 utdanningstilbod), tett etterfølgd av økonomisk og administrative fag (157) og deretter helse- og velferdsfag (120). Desse utdanningstilboda kan bli tilbydd med ulike variasjonar. Til dømes kan eit og same utdanningstilbod ikkje berre vere tilbydd ved fleire fagskular, men ved fleire studiestader ved ein fagskule. Det kan vidare vere tilbydd på både heiltid og deltid, eller på ein eller fleire av utdanningsformane; stadbasert, nettbasert med samling eller nettbasert. Dei kan og ha ulik finansiering, altså at det til dømes kan bli tilbydd gratis, eller mot studentbetaling.  Alle desse variasjonane er viktige for å synleggjere det breie spekteret i det samla tilbodet i høgare yrkesfagleg utdanning, og for studentane gjer desse variasjonane at tilboda vert meir tilgjengelege.

Dette betyr at til dømes eit elkraftsstudium som vert tilbydd som nettbasert, deltidsstudium ved ein studiestad og som stadbasert heiltidsstudium ved ein anna studiestad, vert tald som to utdanningstilbod ved same fagskule. Når vi tel utdanningstilbod på denne måten er det samla talet på utdanningstilbod 1 899. Flest ulike utdanningstilbod finn vi innan helse- og velferdsfaga (685), etterfølgd av tekniske fag (508), og økonomisk- administrative fag med 406 utdanningstilbod. Det er desse tala som ligg til grunn for dei vidare analysane i dette kapittelet.

Tabell 4.5 Utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, 2022

| Fagområde | Unike utdanningstilbod | Antal utdanningstilbod med ulike variasjonar |
|---|---:|---:|
| Helse og velferd | 120 | 685 |
| Kreativ | 58 | 160 |
| Samferdsel | 13 | 48 |
| Teknisk | 179 | 508 |
| ØkAdm | 157 | 406 |
| Anna | 52 | 64 |
| Uoppgitt | 25 | 28 |
| **Totalt** | **604** | **1 899** |

**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Utviklinga i tal på utdanningstilbod over tid

I figur 4.8 ser vi på utviklinga i tal på utdanningstilbod etter fagområde på hausten i perioden 2018–2022. Medan talet på tilbod har lege rimeleg stabilt i fagområda kreativ og samferdsel, har det vært ein markant auke i helse- og velferdsfaga, tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfaga. Utviklinga speglar sjølvsagt at det er i desse fagområda vi har sett størst vekst i studenttalet, men viser òg at det har vore ei endring i tilbodsstrukturen. Innan helse- og velferd er det registrert 190 nye utdanningstilbod berre i 2022, medan det er 64 nye innan tekniske fag, og 107 nye utdanningstilbod innan økonomi og administrasjon.

Denne utviklinga må sjåast som eit resultat av endringane i fagskulepolitikken etter at fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)) vart vedtatt. Meldinga stadfesta at det var naudsynt å styrke samarbeidet med arbeidslivet og få fleire nye utdanningar som svara på dei nye kompetansebehova. Som eit konkret tiltak vart det oppretta søkbare utviklingsmidlar til mellom anna utvikling av nye utdanningstilbod i samarbeid med arbeidslivet. I tillegg har det kome ulike kompetansepolitiske tiltak som òg har bidratt til utvikling av fleire utdanningstilbod i sektoren.

Figur 4.8 Utdanningstilbod etter fagområde per år, haust 2018–2022




**Vedlegg:** V4.8
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

## 4.4 Utdanningstilboda: gradar og studiepoeng

Der vi i kapittel 3.1 såg på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning fordelt på dei ulike studie- og utdanningstilboda etter omfang, skal vi her sjå på kva slags utdanningstilbod som finst, og kva som kjenneteiknar dei ulike fagområda i høve til tilbodsstruktur.

### Variantar av utdanningstilbod, studiepoeng og gradar

Utdanningstilboda i denne sektoren varierer i både omfang og form, som vi har sett tidlegare. Dei toårige utdanningane er på 120 studiepoeng og gir ein høgare fagskulegrad, medan dei eittårige tilboda gir 60 studiepoeng og ein fagskulegrad. Utover desse tilboda er det vanlegaste tilbodet på 30 studiepoeng, eller eit halvt års studium. Dei fleste utdanningane vert tilbydd på deltid, og har derfor ein reell varigheit på det dobbelte av den tida som talet på studiepoeng angir. I tillegg kjem dei kortare studietilboda på under 30 studiepoeng, vanlegvis på mellom fem og ti studiepoeng. Desse tilboda har vakse frem frå 2019, først etter ein unntaksbestemming i lova, men frå 2021 som ein permanent utviding av tilbodsstrukturen i høgare yrkesfagleg utdanning.

Figur 4.9 viser den prosentvise fordelinga av utdanningstilbod i kategoriane høgare fagskulegrad, fagskulegrad, kortare utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, og kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Det var i underkant av 1 900 utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning hausten 2022.

Figuren viser at litt under halvparten av alle utdanningstilboda i høgare yrkesfagleg utdanning kvalifiserer til fagskulegrad, medan eitt av fire tilbod gir ein høgare fagskulegrad. Dei kortare utdanningane på mellom 30 og 59 studiepoeng utgjer litt under ein femtedel av tilboda, mens dei kortare studietilboda under 30 studiepoeng utgjer 14 prosent. Sjå elles vedleggstabell V24 for endringar i tilbodsstrukturen frå 2018.

Figur 4.9 Fordelinga av studie- og utdanningstilbod etter tilbodas omfang målt i studiepoeng, haust 2022




**Vedlegg: V4.10 totalraden**
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Flest fagskulegradar innan helse- og velferd og økonomi og administrasjon
Det er innan fagområda helse- og velferd og økonomi og administrasjon at vi finn flest utdanningar som gir ein fagskulegrad (figur 4.10). I helse- og velferdsfaga gir heile to av tre utdanningstilbod ein slik grad, medan nesten halvparten av tilboda i økonomi- og administrasjon gjer det same. I dei kreative faga kvalifiserer 39 prosent av tilboda til fagskulegrad. I dei tekniske faga og samferdselsfaga er det om lag ein femdel av tilboda som kvalifiserer til fagskulegrad.

### Flest høgare fagskulegradar i tekniske fag, samferdselsfag og kreative fag
Innan samferdselsfaga gir heile åtte av ti utdanningstilbod ein høgare fagskulegrad (figur 4.10). Innan både tekniske fag og kreative fag er tilsvarande andel 56 prosent. I økonomi- og administrasjonsfag er det i liten grad tilbod om, eller etterspurnad av, utdanningar som gir ei høgare yrkesfagleg gradsutdanning. I helse- og velferdsfaga er desse tilboda heilt fråverande. Desse skilnadane mellom fagområda har truleg ei samansett forklaring. Nokre aktuelle moment kan vere faglege tradisjonar, arbeidstilhøve i dei ulike bransjane, og ulikskapar mellom studentane sin livssituasjon når dei treng eller ynskjer meir utdanning.

Figur 4.10 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng, haust 2022




**Vedlegg:** V4.10
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

### Dei ulike korte tilboda
Som forklart over skil vi mellom korte utdanningstilbod som går over minst eitt semester, og korte studietilbod som består av korte modular som tar mindre enn eitt semester. Dei kortare utdanningane på mellom 30 og 59 studiepoeng finn vi i størst utstrekning i helse- og velferdsfag og økonomi- og administrasjonsfaga, i tillegg til kategorien anna.

I dei tekniske faga er det ein klårt mindre andel av slike tilbod. Til gjengjeld har tilbod *under* 30 studiepoeng blitt viktig i desse faga. I tillegg til at det openbart er ein etterspurnad av slike korte studietilbod, skuldast denne utviklinga utan tvil at bransjeprogramma allereie frå

2019 stimulerte til denne utviklinga med mykje øyremerka tilskotsmidlar til industri- og byggfag. Det er òg ein relativt høg andel av slike korte studietilbod i økonomi- og administrasjonsfag, mellom anna som ein følgje av ein kraftig auke av tilskotsmidlar gjennom bransjeprogramma i samband med pandemien. Som vi såg i kapittel 3, har talet på studentar på slike korte studietilbod gått markant ned frå 2021. Sjå elles vedlegg V24 for meir detaljar om tala.

## 4.5 Utdanningstilbod på heil- og deltid

Utdanningar på deltid er eit særs viktig verkemiddel for auka fleksibilitet og tilgjenge til utdanning, og kanskje i sær for utdanningar som rettar seg mot folk som er i arbeid, slik som høgare yrkesfagleg utdanning gjer. Slike utdanningstilbod utgjer eit stort fleirtal av utdanningstilboda i sektoren, som vi ser av figur 4.11.

Figuren viser òg at det er store skilnader mellom dei ulike fagområda på dette feltet. Innan helse- og velferdsfaga er så å seie alle tilboda på deltid. Innan dei tekniske faga og økonomi- og administrasjonsfaga er det òg ein stor overvekt av utdanningstilbod på deltid. I andre enden av skalaen finn vi samferdselsfaga som nesten berre har utdanningar på heiltid, og dei kreative faga med ei klar overvekt av heiltidsstudium.

Figur 4.11 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde, haust 2022




**Vedlegg:** V4.11
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

At helse og velferdsfaga er dominert av utdanningstilbod tilrettelagt for deltidsstudium kan truleg forklarast med både arbeidslivets behov og studentane sine val. Som vi har sett i kapittel 3 ( figur 3.7) er 61 prosent av studentane innan helse og velferdsfaga over 34 år, noko som truleg medfører at mange har familie og fast jobb, og derfor ynskjer seg utdanningar på deltid. Deltidsutdanningane mogleggjer studiar på kveldstid og i helgar, noko som gjev mindre økonomiske utfordringar for den einskilde. Vidare er det kjent at helse- og omsorgssektoren har mangel på kvalifisert arbeidskraft, noko som kan påverke i kva grad arbeidsgivarar ville vore i stand til å legge til rette for studiar på heiltid.

Innan tekniske fag ser vi i vedlegg V4.11 at det har vore ei overvekt av utdanningar på deltid heilt sidan 2018. Frå 2018 til 2022 har andelen deltidsstudentar auka med heile 10 prosentpoeng. I 2022 utgjer deltidsstudiar 63 prosent av tilboda i dei tekniske faga. Dette gir eit bilete av korleis fagskulane tilpassar utdanningstilboda til arbeidslivet og arbeidstakarane sine behov.

Økonomi- og administrasjonsfaga hadde òg ei overvekt deltidsstudium allereie i 2018. Vi ser likevel ei trend i retning av fleire slike utdanningar. Frå 2018 til 2022 auka andelen med om lag 11 prosentpoeng. Denne auken betyr at nesten 3 av 4 av utdanningstilbod i dette fagområdet var deltidsstudiar i 2022.

## 4.6 Stadbaserte, samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar

Utdanningstilbod kjem i tre ulike utdanningsformar. Det er nettbaserte tilbod, nettbaserte tilbod med samlingar, og stadbaserte tilbod. Svært ofte vil ein finne at eitt og same utdanningstilbod vert tilbydt i alle tre utdanningsformar, litt avhengig av etterspurnaden.

Når vi ser på alle utdanningstilboda med aktive studentar hausten 2022 ser vi at litt over halvparten av alle utdanningstilboda var stadbasert (figur 4.12). Det er likevel eit klart mindretal av studentane som tar stadbaserte utdanningar, jamfør figur 3.11 i kapittel 3. Dette kan truleg best forklarast med at det er færre studentar per tilbod i dei stadbaserte tilboda. Desse tilboda har gjerne naturlege avgrensingar med tanke på lokale og utstyr som trengs i undervisninga, og har derfor andre rammer for antal studentar.

Figur 4.12 Utdanningstilbod etter undervisningsformer, 2022




**Vedlegg: V4.13, totalraden**
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Det er likevel ei klar utvikling i retning av at det vert ein høgare andel utdanningstilbod som er nett- eller samlingsbasert for kvart år. Sjå vedlegg V25 for detaljar om utviklinga i studietilbod etter fagområde og utdanningsform i perioden 2018–2022.

Noko av denne utviklinga kan truleg forklarast med koronapandemien, men truleg bidrog dette berre til å akselerere ei utvikling som allereie var godt i gang. Utviklinga i retning meir digitalisert undervisning var godt synleg i fleire år før pandemien. Tala viser likevel at sektoren har klart å oppskalere dei nett- og samlingsbaserte tilboda raskt, og at studentane har valt å nytte seg av desse moglegheitene.

Figur 4.13 viser korleis utdanningstilboda i dei ulike fagområda vert organisert. I helse- og velferdsfaga er 64 prosent av tilboda stadbasert. Samstundes er nesten alle tilboda organiserte som deltidsstudiar, noko som likevel gir ein høg grad av fleksibilitet. Den høge andelen stadbasert undervisning er knytt til at det er mange av utdanningane som har eit stort innslag av praksis som vanskeleg lar seg digitalisere. Av denne grunn kjem vi truleg til å ha ein stor andel stadbaserte tilbod i dette fagområdet framover òg. Det har likevel vore ei utvikling særleg i retning av samlingsbaserte utdanningar, ei utdanningsform som hentar det beste frå begge dei to andre utdanningsformane.

Figur 4.13 Utdanningstilbod innan ulike utdanningsformer etter fagområde, 2022




**Vedlegg: V4.13**
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

I dei tekniske faga er litt under halvparten av tilboda stadbaserte, medan nesten 40 prosent er samlingsbaserte. Ein relativt liten andel av tilboda er heilt nettbasert. Forklaringa her er truleg lik som for helse- og velferdsfaga. Det er mange utdanningar som krev praksis og krevjande utstyr og maskinar.

I økonomi- og administrasjonsfaga er det ein relativt høg andel nettbaserte tilbod, men det er likevel flest stadbaserte. For både økonomi- og administrasjonsfag og dei tekniske faga er det fleire nett- og samlingsbaserte tilbod enn stadbaserte.

I samferdselsfaga og dei kreative faga er høvesvis 94 og 80 prosent av ale tilboda stadbasert. På same måte som for helse- og velferdsfaga, heng dette saman med behovet for praksis i opplæringa. Sjølv om en heil del praksis kan gjerast digitalt, er det ikkje alle typar praksis der dette lar seg gjere.

# 5 Styring og økonomi

I dette kapittelet ser vi på finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning, og korleis sektoren vert styrt gjennom tilskot. Fagskular har i hovudsak tre finansieringskjelder for drift; statleg driftstilskot frå kunnskapsdepartementet, tilskot frå fylkeskommunane sine frie midlar, og skulepengar. I tillegg kjem om lag 177 millionar kroner inn i sektoren i form av ulike prosjektmidlar, og andre tilskot frå ulike offentlege verksemder direkte til enkelte fagskular.

## 5.1 Styring gjennom tilskot

Utviklinga av sektoren høgare yrkesfagleg utdanning vert styrt av fleire faktorar; fagskulane sine prioriteringar og samarbeid med arbeidslivet, fylkeskommunane sine prioriteringar av tilskot til drift, statlege prosjektmidlar med ulike mål, og sjølvsagt etterspurnaden frå studentane etter utdanningar og betalingsvilje for tilbod som ikkje er offentleg finansiert.

Høgare yrkesfagleg utdanning skal svare på behova til arbeidslivet, og gje kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan vidare opplæring. Slik sett skal sektoren bli styrt av behova i arbeidslivet. Representantar frå arbeidslivet deltar i styra til fagskulane, og fleire fagskular involverer òg representantar frå arbeidslivet i dei lokale faglege råda, for å sikre samsvar mellom utdanningar og behova i arbeidslivet. Men sjølv om arbeidslivet er i endring og fagskulane skal snu seg raskt rundt for å tilby relevant kompetanse, er det òg mykje som ligg fast over tid. Til dømes er kompetanse som leiing, økonomi og marknadsføring viktige generiske emne innanfor dei tekniske faga som nye fagarbeidarar treng. I tillegg er det eit stort omfang av fagkompetanse som utfyller dei ulike tekniske fagbreva, og som dermed sett ein fagarbeidar i stand til å gjere meir spesialiserte oppgåver, eller til å leie arbeidsprosessar.

For å tilby utdanningane til arbeidstakarar som treng eller ønskjer kompetanseutvikling, kan fagskulane anten ta betalt for utdanninga, eller søkje fylkeskommunane om tilskot til drift for å kunne tilby utdanninga gratis. Nokre offentleg finansierte tilbod har litt skulepengar i tillegg. Utdanningstilbod som vert fullfinansierte gjennom skulepengar, vert i praksis dimensjonerte av betalingsviljen for slike utdanningar. Ofte vil slike utdanningar bli finansiert gjennom lån i Lånekassen, men nokre får økonomisk støtte til utdanning av arbeidsgjevar (Alne, m.fl., 2023).

Når det kjem til den økonomiske styringa av statlege driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning er myndigheita lagt til fylkeskommunane. Dei overordna måla og grunnleggande retningslinjer for forvaltninga, fastsett av Kunnskapsdepartementet, seier at driftstilskotet skal bidra til høg kvalitet i utdanninga, at utdanninga skal vere yrkesretta, vere lett tilgjengeleg for studentane, og at sektoren skal vere effektiv og solid.

Fylkeskommunane lyser kvart år ut midlar til sektoren på grunnlag av løyvingane frå statsbudsjettet til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Kor mykje som vert lyst ut kvart år vil avhenge av om det er nye studieplassar å fordele, og kor mykje av midlane som er bundne til tilbod som allereie er i gang. Fylkeskommunen har ansvar for å sikre at det vert tilbydd høgare yrkesfagleg utdanning i samsvar med behova for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt, jamfør fagskoleloven (2018, §3). Dette er viktig for rolla som kompetansepolitisk aktør. Måten fylkeskommunane arbeider for å kartlegge behova til

arbeidslivet, og gjere prioriteringar på faglege tilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, varierer mellom fylka. Dette vert nærare omtala i til dømes Deloitte sin evaluering av finansieringssystemet (Deloitte, 2022a).

I tillegg til styring gjennom driftstilskot kjem styring gjennom ulike prosjektbaserte midlar. Utforminga av slike utlysingar er òg ei form for styring. Eit døme på dette er bransjeprogramma for kompetanse, som bidreg til å utvikle målretta tilbod retta mot konkrete bransjar. Eit anna døme er utviklingsmidlane, som bidreg til auka fokus på kvalitetsfremjande tiltak og utvikling av nye utdanningstilbod. Eit tredje døme er tilskotsordningar for å styrke tilgangen på fleksibel og desentralisert utdanning i heile landet.

Det er eit samansett bilete med mange ulike aktørar som spelar ulike, og til dels overlappande, rollar i styringa og utviklinga av høgare yrkesfagleg utdanning. I det følgjande skal vi sjå nærare på den delen av styringa som er lettast å talfeste; pengar.

## 5.2 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskulesektoren består av fagskular med ulike strategiar for finansiering, sjå figur 5.1. Både offentlege og private fagskular kan søke om offentleg tilskot til drift frå fylkeskommunane. Eit slikt tilskot er stort sett følgt av eit krav om at utdanningane med eit slikt tilskot skal vere gratis, sjølv om det har skjedd ein utvikling i retning av meir at offentleg finansiering kombinerast med noko skulepengar i 2022. Denne utviklinga kjem vi nærare inn på under.

Figur 5.1 Ulike finansieringskjelder, 2022




**Vedlegg:** V5.1
**Kjelder: HK-dir, DBH-F, Utdanningsdirektoratet, Prop. 1 S (2021–2022)**

Private fagskular som vel å ta imot offentleg finansiering av utdanningstilbod, kan ikkje ta ut utbyte (fagskoleloven, 2018, §29). Eit relevant skilje for å forstå sektoren er difor ikkje berre offentleg og privat eigarskap, men òg om fagskulane er kommersielle eller ikkje-kommersielle. Nokre fagskular ynskjer ikkje å søke om statleg tilskot til drift fordi dei driv kommersielt, medan andre private fagskular søkjer så mykje offentleg tilskot som mogleg for å kunne tilby utdanninga gratis. Dette skiljet er relevant for å få ei betre forståing av fordelinga av offentleg tilskot.

Samla sett disponerte fagskulesektoren om lag 2,39 milliardar kroner i 2022. Dette er om lag 160 millionar kroner meir enn i 2021. Auken kjem i hovudsak frå den siste halvårseffekten av studieplassane innført i 2020 og vekst i resultatbasert utteljing, men vi ser òg ein auke i skulepengar.

### Statleg tilskot til drift via fylkeskommunane

I 2022 vart i overkant av 1,13 milliardar kroner løyvd av Stortinget til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Dette tilskotet er den største av dei ulike finansieringskjeldene og utgjorde nesten halvparten av den samla finansieringa av sektoren i 2022. Alle fagskular som heldt til i dei ulike fylka, kan kvart år søke fylkeskommunen om tilskot til drift av utdanningstilboda. Fylkeskommunane gjer prioriteringar av kva som skal finansierast på grunnlag av vurderingar av behov i arbeidslivet.

Ein del av midlane fylkeskommunane får overført frå HK-dir er øyremerka til nokre spesifikke fagskular eller utdanningstilbod. Nokre av øyremerkingane er knytt til den såkalla Industrifagskulen, eit program for finansiering av korte utdanningstilbod retta mot industri og bygg. Denne øyremerkinga omfatta 39,8 millionar kroner i 2022, og skal dekke tilsvarande 498 studieplassar.

Ein anna øyremerking gjeld nokre spesifikke fagskular etter vedtak i Stortinget i 2019. I 2022 fekk desse fagskulane 79,2 millionar kroner. Dei fleste av desse fagskulane tilbyr i hovudsak kreative utdanningar og utdanningar knytt til livssyn. Samla hadde desse fagskulane i overkant av 600 studentar hausten 2022. Dei fleste av desse fagskulane er små, og tilboda har eit nasjonalt nedslagsfelt.

Tar vi høgde for desse ulike øyremerkingane var det i overkant av ein milliard kroner som vart forvalta av fylkeskommunane i 2022.

### Dei statlege fagskulane

I 2022 fekk vi ein ny statleg fagskule, og vi har no fire statlege fagskular. Den nye statlege fagskulen er Sjøforsvarets fagskule. Denne fagskulen er foreløpig organisert som ei forsøksordning knytt til Forsvarets fag- og funksjonsutdanning, og har berre seks studentar. Fagskulen vert finansiert gjennom Forsvaret[15].

Dei tre andre statlege fagskulane fekk totalt 137 millionar kroner i 2022. Norsk fagskule for lokomotivførarar vert finansiert over budsjettet til Samferdselsdepartementet, og fekk om lag 72 millionar av desse pengane. Noregs grøne fagskule – Vea, og Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, vert finansiert over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett, og dei to fagskulane fekk om lag 32 millionar kroner kvar i 2022.

[15] Sjå kapittel 4.1 for ei omtale av Sjøforsvarets fagskule.

### Fylkeskommunane sine frie midlar

Fylkeskommunane kan òg bruke av sine frie midlar til fagskulane kvart år. Med frie midlar meiner vi her pengar som ikkje kjem frå overføringa frå staten som er øyremerka forvaltninga av høgare yrkesfagleg utdanning. Fylkeskommunane tildelte totalt 133 millionar kroner frå sine frie midlar til drift av fagskular i 2022, som vist i tabell 5.1. Dette er noko lågare enn i 2021, men markant høgare enn åra før det. Nedgangen frå 2021 kjem i all hovudsak av ei lågare overføring frå Viken fylkeskommune i 2022. Viken er likevel den fylkeskommunen som gir høgast tilskot frå dei frie midlane, med 44,6 millionar kroner, eller 22 prosent av det samla tilskotet frå fylkeskommunen til fagskulane. Det er likevel Troms og Finnmark som brukar høgast *andel* frie midlar til fagskulane. Der utgjer dei frie midlane ein tredel av det samla tilskotet frå fylkeskommunen til fagskulane.

Tabell 5.1 viser store ulikskapar i kor mykje den enkelte fylkeskommune bruker av frie midlar på høgare yrkesfagleg utdanning, som vist i høgre kolonne i tabellen. Tala viser likevel ikkje heile biletet, då det berre er direkte overføringar til drift som vert rapportert. Støtte i form av gratis husleige, HR- og IT-tenester og liknande, kjem ikkje til syne i desse tala.

Tabell 5.1: Statleg driftstilskot forvalta av fylkeskommunane og tilskot frå fylkeskommunane sine frie midlar per fylke. Rapportert tildelt til fagskular i 2022.

| Fylkeskommune | Statlege driftsmidlar forvalta av fylkeskommunane | Tilskot til fagskular frå fylkeskommunane sine frie midlar | Andel tilskot av frie midlar til fagskular |
|---|---:|---:|---:|
| Agder fylkeskommune | 71 675 000 | 503 000 | 1 % |
| Innlandet fylkeskommune | 94 349 000 | 0 | 0 % |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 50 758 000 | 16 078 000 | 24 % |
| Nordland fylkeskommune | 33 327 000 | 9 035 000 | 21 % |
| Oslo fylkeskommune | 174 608 000 | 0 | 0 % |
| Rogaland fylkeskommune | 102 853 000 | 2 378 000 | 2 % |
| Troms og Finnmark fylkeskommune | 49 257 000 | 24 667 000 | 33 % |
| Trøndelag fylkeskommune | 111 628 000 | 13 000 000 | 10 % |
| Vestfold og Telemark fylkeskommune | 98 035 000 | 0 | 0 % |
| Vestland fylkeskommune | 162 962 000 | 22 979 000 | 12 % |
| Viken fylkeskommune | 159 553 000 | 44 610 000 | 22 % |
| **Totalt** | **1 109 005 000** | **133 250 000** | **11%** |

**Kjelde: DBH-F**

### Skulepengar

Skulepengar utgjorde om lag 808 millionar kroner i 2022, eller ein av tre kroner til sektoren. Med skulepengar meiner vi betaling for sjølve utdanninga, og ikkje semesteravgift, læremateriell, samskipnadsavgift eller liknande.

Totalt var det om lag 12 000 studentar som betalte skulepengar for utdanningstilbodet i 2022, nesten 1 200 fleire enn i 2021. Av desse gjekk 4 800 studentar på tilbod som var *delvis* offentleg finansiert, medan dei resterande 7 200 betalte for heile tilbodet. Desse to gruppene er vist som høvesvis raudt og grått felt i figur 5.2 under. Skilnaden på desse to kategoriane er betydeleg. Gjennomsnittleg betaling per semester for utdanningstilbod som er fullfinansiert av skulepengar (grå boks), var på 37 900 kroner i 2022[16]. For tilbod som er delvis offentleg finansiert (raud boks), var gjennomsnittleg betaling per semester på 9 900 kroner. Litt over 14 000 studentar gjekk på tilbod som var fullfinansiert av det offentlege (blå boks), og betalte berre semesteravgift eller liknande.

Figur 5.2 Tal på studentar etter finansiering og skulepengar ved offentlege og private fagskular, 2022




Merknad: Gjeld utdanningstilbod frå og med 30 studiepoeng og over, tal per student per semester for haustsemesteret 2022. Luftfartsfaga er ekskludert frå snittberekninga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

**Vedlegg:** V5.2
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

[16] Dette er ekskludert luftfartsfaga. Her er det om lag 370 studentar som betaler mellom 190 000 og 550 000 kronar per semester for utdanninga. Dette gir eit stort utslag på gjennomsnittet, og bidreg til å gi eit skeivt bilete av omfanget av skulepengar for hovudvekta av studentane. Gjennomsnittleg betaling inkludert luftfartsfaga er på kring 50 000 kroner.

Dei aller fleste av studentane som betalte skulepengar gjekk på private fagskular. Totalt 8 100 av dei 12 000 betalande studentane, betalte skulepengar til private fagskular i 2022. Desse betalte samla sett 768 millionar kroner. Dette er om lag 20 millionar kroner meir enn i 2021, og heng i stor grad saman med at det er om lag 300 fleire studentar på utdanningar med skolepengar ved private fagskular i 2022, i høve til i 2021.

Ved dei offentlege fagskulane var det nesten 3 900 studentar som betalte for utdanninga i 2022, noko som er om lag 800 fleire enn i 2021. Så å seie alle desse går på *delvis* offentleg finansierte tilbod, noko som betyr at dei betaler mykje mindre i skulepengar enn dei som går på tilbod som er fullfinansiert av skulepengar. Samstundes med den store veksten i talet på studentar i sektoren, ser vi ein tendens til auka bruk av skulepengar i kombinasjon med offentleg tilskot i både dei offentlege og dei private fagskulane. Fylkeskommunane kan sette som krav at tilbod skal vere gratis når dei gir tilskot til drift. Nokre fylkeskommunar tillèt likevel eit visst nivå av skulepengar dersom satsen frå fylkeskommunen ikkje er tilstrekkeleg. Av dei offentlege fagskulane er det særleg Fagskulen i Viken og Fagskulen Vestland som har hatt ein auke i talet på studentar på delvis offentleg finansierte utdanningar i 2022. Blant dei private fagskulane er det i hovudsak fagskulane med kreative eller livssynsorienterte tilbod som mottek øyremerka statleg tilskot som tar skulepengar i tillegg til tilskotet.

### Statlege prosjektmidlar

Kvart år vert det lyst ut midlar til ulike prosjekt i høgare yrkesfagleg utdanning. I 2022 vart det løyvd 177 millionar kroner til fagskular gjennom ulike prosjektbaserte ordningar. I tabell 5.2 under nemner vi hovudtrekka ved dei ulike tilskotsordningane, og kor mykje som vart løyvd til fagskular frå dei ulike ordningane i 2022.

Erasmus+ skil seg ut ved å vere ein tilskotsordning for internasjonal mobilitet og samarbeid. Ordninga er finansiert av EU, medan dei andre prosjektmidlane er finansiert over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dei statlege tilskota har noko ulik innretning, men eit sentralt fellestrekk er utvikling av nye utdanningstilbod i samarbeid med arbeidslivet. Nokre ordningar er tilskot til investeringar, til implementering av digitale verktøy og tilskot til drift eller utprøving av nye tilbod.

Tabell 5.2 Statlege prosjektmidlar tildelt i 2022

| Prosjektmidlar | Tilskot | Kort omtale |
|---|---:|---:|
| Utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning | 50,7 millionar | Tildeling til 48 prosjekt ved 26 private og offentlege fagskular. Nye utdanningstilbod, investeringar i utstyr og infrastruktur og pedagogisk kompetanse er nokre av prosjektområda. |
| Treparts bransjeprogram for kompetanse | 56,2 millionar | Ordninga dekker fleire ulike bransjar, og ulike utdanningsnivå. For fagskulesektoren handlar det om korte, fleksible utdanningstilbod inntil 30 studiepoeng. Fagskulane fekk 56,2 millionar gjennom ordninga i 2022. |
| Tilskot til fleksible utdanningstilbod | 27,4 millionar | Midlar til å oppskalere eksisterande fleksible utdanningstilbod på alle utdanningsnivå. Tilboda skulle særleg tilpassast nyutdanna unge med liten erfaring frå arbeidslivet, og ledige og permitterte. Av om lag 150 millionar kroner fekk fagskulane tildelt 27,4 millionar til fleksible og desentraliserte utdanningstilbod. |
| Erasmus + | 8,2 millionar | Tilskot til tre internasjonale mobilitetsprosjekt og eit samarbeidsprosjekt innan EU sitt utdanningsprogram. |
| Program for maritim kompetanse | 10,7 millionar | Tilskot til utvikling av kvalitet og relevans i maritime utdanningar ved fagskular, høgskular og universitet. Løyvinga var på 37 millionar kroner i 2022. Av desse er 10,7 millionar tildelt prosjekt som fagskular er ansvarleg for. Fagskular er òg delaktig i prosjekt der UH-institusjonar er prosjektansvarleg. Dei er ikkje medrekna her. |
| Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning | 6 millionar | Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning er ei forsøksordning etablert i 2022. To sentre vart tildelt ein slik senterstatus, og tolv millionar kroner kvar fordelt på fire år. Formålet med sentra er at dei skal vere spydspissar i sektoren, og bidra til kvalitetsutvikling. |
| Høgare yrkesfagleg utdanning for flyktningar. | 3 millionar | Midlar til to prosjekt ved to fagskular som skal utvikle, prøve ut og evaluere utdanningstilbod retta mot flyktningar. Fagskulane skal sjå på samarbeidsformer mellom fagskular og offentlege styresmakter, frivillig sektor og næringsliv, for best mogeleg inkludere naudsynt praksiserfaring og språktrening i undervisninga. |

**Kjelde: HK-dir**

## 5.3 Studentar og fagområde etter finansiering

Som omtala i innleiinga er hovudkjelda for finansiering i høgare yrkesfagleg utdanning offentlege tilskot og studentbetaling. Tala frå figur 5.2 over, er i figur 5.3 brote ned i ulike fagområde. Figuren viser dermed korleis dei ulike finansieringskjeldene fordeler seg på fagområde, målt i tal på studentar.

Kategorien *fullstendig offentleg finansiert* omfattar studentar på tilbod som er fullfinansiert av offentlege midlar. Kategorien *delvis offentleg finansiert* synleggjer at studentane òg betalar ein viss andel skulepengar, medan kategorien *utan offentleg tilskot* betyr at utdanninga er fullfinansiert av studentbetaling eller andre formar for tilskot. Kandidatundersøkinga viser at dei fleste studentar som betaler for utdanninga, finansierer dette med lån i Lånekassen. Nokre får støtte frå arbeidsgivar, fagforeining eller andre aktørar, men dette gjeld ikkje mange, i følgje undersøkinga (Alne, m.fl., 2023). Sjå elles tekstboks 3 på side 42 for omtale av kandidatundersøkinga.

Figur 5.3 Studentar etter fagområde og tilskot, alle utdanningstilbod, 2022




**Vedlegg:** V5.3
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Figuren viser at dei offentlege midlane er fordelt på alle fagområda. I helse og velferdsfaga er det nesten berre studentar på offentleg finansierte tilbod. Nesten ein av fire i denne studentgruppa studerer oppvekstfag, medan resten studerer helsefag. Totalt er det om lag 6 500 studentar i desse faga, og nesten 6 100 som er offentleg finansiert. 60 prosent (3 900) studerer ved ein privat fagskule, medan dei resterande 2 600 studerer ved ein offentleg fagskule.

I dei tekniske faga går 77 prosent av studentane på heilt (5 850) eller delvis (3 100) offentleg finansierte utdanningar. Desse studentane er i all hovudsak fordelt på dei tekniske faga, slik som bygg og anlegg, elektro/energi og industri/kjemi. Den resterande firedelen (2 700) som ikkje er offentleg finansiert, finn vi i all hovudsak innanfor data-/IT-fag, og stort sett ved fagskulen Noroff. Denne fagskulen har om lag 2 200 studentar, eller kring fire av

fem studentane innan data-/IT. Dette kan tyde på at det er stor betalingsvilje blant studentar innan dette faget. Vi veit ikkje kor mange som finansierer utdanninga med studielån, eigne pengar, eller om arbeidsgjevar betaler. Dei siste åra har det dukka opp nokre konkurrentar til Noroff innan data-/IT-fag som òg tilbyr offentleg finansiert utdanning. Der er det særleg TISIP, Gokstad Akademiet og Centric IT Acadamy som skil seg ut med til saman over 500 studentar.

I dei kreative faga er kvar fjerde student (700) på offentleg finansierte utdanningar. Dei fleste av desse (500) tilhøyrer ein av fagskulane som har øyremerka statleg tilskot. Godt over 70 prosent av studentane på kreative fag går på tilbod utan noko offentleg støtte. Desse er i all hovudsak fordelt likt på to fagskular, Noroff og Fagskulen Kristiania. Noroff er ein av fagskulane som ikkje ønskjer offentleg tilskot til utdanningane sine.

Samferdselsfaga er todelt. Dei maritime utdanningane og lokførarutdanninga er fullfinansiert av det offentlege, medan utdanningane i luftfart er fullfinansiert av skulepengar. I økonomi- og administrasjonsfaga er studentane jamt fordelte på tilbod som er finansiert av skulepengar og av offentleg tilskot. Totalt er det litt i underkant av 4 900 studentar på dette fagområdet, og 2 500 av desse er heilt eller delvis offentleg finansiert. Dei fleste av studentane i økonomi- og administrasjonsfaga går på ein privat fagskule (85 prosent, 4 100 studentar).

## 5.4 Utviklinga i sektoren frå eit økonomisk perspektiv

Mykje av veksten i fagskulesektoren er knytt til auken i statleg driftstilskot, sjå figur 5.1. Frå 2018 til 2022 auka dette tilskotet frå om lag 650 millionar til 1,13 milliardar kroner. Tala i dette kapittelet viser at auka tilskot har gitt eit auka aktivitetsnivå i sektoren, og at utviklinga i den offentleg finansierte delen av sektoren er heilt i tråd med den finansielle utviklinga.

Den økonomiske veksten har i hovudsak blitt fasa inn gjennom tilskot til nye studieplassar. Når vi snakkar om midlar til nye studieplassar til fagskulane, er det snakk om tilskot som skal gje grunnlag for produksjon av 60 studiepoeng per år. Stort sett vil ein studieplass finansiere fleire studentar, fordi dei fleste studerer på deltid. Når det vert tilført midlar til nye studieplassar, er det derfor ikkje ein forventning om ein bestemt auke i talet på studentar, men i produksjonen av studiepoeng. Utviklinga i talet på studentar er likevel interessant då det saman med utviklinga i studiepoengproduksjon gir eit bilete av om utviklinga i studiepoengproduksjon skuldast fleire studentar, eller høgare studiepoengproduksjon per student.

Opptrappinga i høgare yrkesfagleg utdanning starta etter at fagskulemeldinga vart vedteke av Stortinget. Først vart det tildelt midlar tilsvarande 638 toårige plassar i 2018, deretter midlar tilsvarande 1 600 toårige plassar i 2020. I 2021 vart midlar tilsvarande 498 studieplassar øyremerka korte modulbaserte tilbod innan industri og bygg. Samla sett har det kome midlar til 3 236 nye studieplassar i sektoren dei siste fem åra.[17] Det er likevel ikkje alle midlane vi kan sjå effekten av i statistikken så langt, på grunn av liten utteljing for dei øyremerka midlane til Industrifagskulen. Sjølv om tilskotet er tildelt fagskular, er det så langt svært få studentar som er rapporterte som fullførte på tilbod finansiert av desse midlane. Effekten av desse øyremerka studieplassane vil vi truleg sjå komande år.

Toårige studieplassar betyr i denne samanheng at tilskotet til fylkeskommunane vert berekna med utgangspunkt i at det skal vere økonomisk grunnlag for å starte eit kull med studentar på eit toårig utdanningstilbod haustsemesteret (som då vert finansiert fullt ut i to år), og i tillegg eit nytt kull hausten etter (som òg vert finansiert fullt ut for toårig utdanning). Sjølv om ein studieplass vert finansiert som ein fulltids toårig studieplass, blir tilskotet i stor grad brukt til å finansiere fleire studentar på deltidstilbod og kortare tilbod, noko som betyr at vi ventar at talet på studentar aukar meir enn talet på studieplassar.

For å analysere effekten av dei nye studieplassane vil vi sjå nærare på utviklinga i sektoren for alle utdanningstilbod som er heilt eller delvis offentleg finansiert.[18] Vi startar med å sjå på utviklinga i studenttalet, før vi går ser nærare på studiepoengproduksjonen.

[17] Tilskot til 500 nye studieplassar i statsbudsjettet for 2023 kjem i tillegg, men er ikkje omtala her ettersom denne rapporten omhandlar tal frå 2022.

[18] I dette talgrunnlaget har vi ekskludert dei fire statlege fagskulane som får tilskot direkte over statsbudsjettet. Vi har òg ekskludert tilbod som er rapportert som bransjeprogram, då desse tilboda er prosjektfinansierte, og derfor ikkje ein effekt av auken i studieplassar

I figur 5.4 viser linja utviklinga i talet på registrerte studentar på offentleg finansierte utdanningstilbod frå 2018 til 2022. Søylene i figuren viser endringar i talet på studentar frå året før i raudt, og endringa samanlikna med 2018 i grått. Talet på studentar på offentleg finansierte utdanningar auka med meir enn 60 prosent, frå 11 600 til om lag 18 800 studentar, i denne perioden. Den største delen av auken såg vi frå 2019 til 2020, med om lag 27 prosent. Deretter vaks det med ytterlegare 16 prosent i 2021. I 2022 var det om lag 18 800 studentar, og berre ein liten auke på 0,5 prosent frå året før. Sjølv om talet på studentar ikkje endrar seg så mykje det siste året, viser gjennomgangen av studiepoengproduksjonen under at aktivitetsnivået likevel aukar i tråd med forventningane. Det har blitt færre studentar på dei korte tilboda under 30 studiepoeng, og fleire på dei litt lengre utdanningane. Talet på studentar er derfor nokså likt, men kvar student produserer fleire studiepoeng.

Figur 5.4 Studentar på offentleg finansierte utdanningstilbod, 2018–2022




Merknad: Desse tala viser studentar ved heilt og delvis offentleg finansierte utdanningar med unntak av dei fire statlege fagskulane og studentar finansiert av bransjeprogramma. Dette er gjort for å isolere effekten av auken i studieplassar frå 2018.
**Vedlegg:** V5.4
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

Frå 2018 har dei statlege tilskota til drift av høgare yrkesfagleg utdanning auka med 74 prosent, medan talet på studentar har auka med 62 prosent.[19] Ser vi berre på endringa frå 2019 til 2022, perioden då tilskotet auka mest, auka studenttalet med 48 prosent, medan det statlege tilskotet auka med 56 prosent. Desse tala syner at auka tilskot har gitt eit auka aktivitetsnivå i sektoren. Om veksten i sektoren svarar til auken i finansieringa kan vi ikkje vurdere berre ut frå studenttalet, då mange studentar studerer på deltid, mange tar korte utdanningstilbod på 30 studiepoeng og mindre, og nokon fell frå. Det går derfor fleire studentar per studieplass. Ein studieplass er det same som ein 60-studiepoengeining (SPE) eller eitt års studium på fulltid.

[19] Denne auken inkluderer 38,8 millionar (498 studieplassar) for 2021 som var øyremerka korte modulbaserte utdanningar innan industri og bygg. I dei rapporterte tala til DBH-F er det svært få studentar som er finansiert med desse øyremerka midlane så lang.

For å få eit betre bilete av effekten av nye studieplassar må vi derfor òg sjå på studiepoengproduksjonen, som er vist i figur 5.5. Figuren viser utviklinga i rapporterte SPE i den blå linja, medan den forventa auken som følgje av auka finansiering visast i den gule linja. I dei raude og grå søylene visast endringar i SPE frå høvesvis året før, og frå 2018.

I 2018 vart det produsert rett i underkant av 6 100 SPE i dei offentleg finansierte fagskuleutdanningane, som vi kan sjå av den blå linja. I 2022 vart det avlagt om lag 3 000 fleire SPE enn i 2018, ein auke på 49 prosent, til 9 400 SPE.

I same periode har auken i tilskot lagt grunnlag for ein auke i SPE på 63 prosent i høve til utgangspunktet i 2018, som ein kan lese av den gule linja. Dette inneber at auken i rapporterte SPE er 14 prosentpoeng lågare enn den venta auken. Då har vi tatt høgde for at rapporteringa av studiepoeng med naudsyn skjer seinare enn auken i tilskot ved å legge inn eitt års forseinking i den forventa auken.[20] Forventa auke er òg basert på eit ein-til-ein-tilhøve mellom auka finansiering og auka SPE-produksjon, noko som ikkje er forventa, mellom anna som følgje av forsinka studentar eller fråfall.  Alt i alt kan ein trygt seie at utviklinga i den offentleg finansierte delen av sektoren er heilt i tråd med den finansielle utviklinga, noko samvariasjonen mellom dei to linjene tydeleg viser.

Figur 5.5 Studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod, 2018–2022




Merknad: Desse tala viser studentar ved heilt og delvis offentleg finansierte utdanningar med unntak av dei fire statlege fagskulane. Dette er gjort for å isolere effekten av auken i studieplassar frå 2018 som ikkje gjekk til dei statlege fagskulane.
**Vedlegg:** V5.5
**Kjelde: HK-dir/DBH-F**

[20] Dette er fordi det tar lengre tid frå ein student startar utdanninga og vert tald som aktiv, til eksamenar vert avlagd og studiepoenga rapportert til DBH-F. Stort sett startar studentar i haustsemesteret, men tar dei fleste eksamenar i vårsemesteret. Desse resultata vert då rapportert til DBH-F 15.august året etter at studenten vart registrert som student på tilbodet. Finansieringa og talet på studentar aukar derfor fortare enn talet på SPE.

## 5.5 Eit nærbilete av høgare yrkesfagleg utdanning i fylkeskommunane

### Agder

| Fagskular med studentar i fylket[21] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 6 | 7 | 6 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Av desse fylkeskommunalt eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Fagskular med privat eigarskap | 5 | 6 | 5 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 3 | 4 | 2 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 2 | 1 | 2 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 1 | 2 | 2 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[22]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 16 | 20 | 16 |
| Kreativ | 15 | 16 | 16 |
| Samferdsel | 3 | 3 | 3 |
| Teknisk | 31 | 34 | 38 |
| Økonomi- og administrasjon | 6 | 9 | 10 |
| Anna | 1 | 2 | 2 |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 56 651 322 | 65 468 000 | 71 674 500 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | - | - | 502 500 |

| Fagskulestudentar[23] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 864 | 66 | 2 860 | 3 790 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 615 | - | - | 615 |
| Studentar ved private fagskular | 249 | 66 | 2 860 | 3 175 |
| Kvinner | 324 | 46 | 1 253 | 1 623 |
| Menn | 540 | 20 | 1 607 | 2 167 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 448 | 35 | 1 699 | 2 182 |
| Snitt skulepengar per student per semester[24] | 0 kr | 42 318 kr | 30 896 kr | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 270 | - | - | 270 |
| Kreativ | - | - | 550 | 550 |
| Samferdsel | 50 | - | 33 | 83 |
| Teknisk | 422 | - | 1 933 | 2 355 |
| Økonomi- og administrasjon | 122 | - | 344 | 466 |
| Anna | - | 66 | - | 66 |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 34 | 66 | 1 725 | 1 825 |
| Realkompetanse | 66 | - | 848 | 914 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 757 | - | 283 | 1 040 |
| Anna kompetansegrunnlag | 7 | - | 4 | 11 |

[21] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[22] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[23] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[24] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Innlandet

| Fagskular med studentar i fylket[25] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 4 | 4 | 5 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 2 | 2 | 2 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Fagskular med privat eigarskap | 2 | 2 | 3 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 2 | 2 | 3 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 1 | 1 | 1 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 1 | 1 | 1 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[26]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 13 | 13 | 18 |
| Kreativ | 5 | 1 | 3 |
| Samferdsel | - | - | - |
| Teknisk | 29 | 31 | 32 |
| Økonomi- og administrasjon | 3 | 3 | 5 |
| Anna | 10 | 14 | 10 |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 61 821 405 | 83 300 000 | 94 349 344 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | - | - | - |

| Fagskulestudentar[27] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 627 | 1 184 | - | 1 811 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 627 | 1 114 | - | 1 741 |
| Studentar ved private fagskular | - | 70 | - | 70 |
| Kvinner | 291 | 182 | - | 473 |
| Menn | 336 | 1 002 | - | 1 138 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 406 | 525 | - | 932 |
| Snitt skulepengar per student per semester[28] | 0 kr | 16 568 kr | - | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 301 | 20 | - | 321 |
| Kreativ | - | 42 | - | 42 |
| Samferdsel | - | - | - | - |
| Teknisk | 237 | 884 | - | 1 121 |
| Økonomi- og administrasjon | 30 | 160 | - | 190 |
| Anna | 59 | 78 | - | 137 |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 1 | 59 | - | 60 |
| Realkompetanse | 50 | 93 | - | 143 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 575 | 1 015 | - | 1 590 |
| Anna kompetansegrunnlag | 1 | 17 | - | 18 |

[25] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[26] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[27] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[28] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Møre og Romsdal

| Fagskular med studentar i fylket[29] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 4 | 4 | 3 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 3 | 3 | 2 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 2 | 2 | 1 |
| Fagskular med privat eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 2 | 3 | 2 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 2 | 1 | 1 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | - | - | - |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[30]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 2 | 2 | 2 |
| Kreativ | 1 | 1 | 1 |
| Samferdsel | 4 | 4 | 4 |
| Teknisk | 8 | 9 | 8 |
| Økonomi- og administrasjon | - | - | - |
| Anna | - | - | - |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 44 509 000 | 47 815 000 | 50 758 358 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | 15 989 000 | 15 097 000 | 16 078 000 |

| Fagskulestudentar[31] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 382 | 23 | - | 405 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 382 | - | - | 382 |
| Studentar ved private fagskular | - | 23 | - | 23 |
| Kvinner | 47 | 15 | - | 62 |
| Menn | 335 | 8 | - | 343 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 293 | 21 | - | 316 |
| Snitt skulepengar per student per semester[32] | 0 kr | 21 502 kr | - | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 29 | - | - | 29 |
| Kreativ | - | 23 | - | 23 |
| Samferdsel | 176 | - | - | 176 |
| Teknisk | 177 | - | - | 177 |
| Økonomi- og administrasjon | - | - | - | - |
| Anna | - | - | - | - |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 15 | - | - | 15 |
| Realkompetanse | 28 | - | - | 28 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 339 | - | - | 339 |
| Anna kompetansegrunnlag | - | 23 | - | 23 |

[29] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[30] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[31] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[32] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Nordland

| Fagskular med studentar i fylket[33] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 2 | 3 | 5 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 1 | 2 | 2 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 1 | 2 | 2 |
| Fagskular med privat eigarskap | 1 | 1 | 3 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 1 | 2 | 4 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 1 | 1 | 1 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fyket | - | - | - |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[34]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 7 | 8 | 14 |
| Kreativ | - | 1 | 1 |
| Samferdsel | 3 | 3 | 3 |
| Teknisk | 2 | 2 | 3 |
| Økonomi- og administrasjon | 7 | 9 | 12 |
| Anna | 1 | 1 | 2 |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 25 117 000 | 30 929 454 | 33 327 000 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | 9 308 418 | 6 543 300 | 9 035 000 |

| Fagskulestudentar[35] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 527 | 11 | 8 | 546 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 478 | - | - | 478 |
| Studentar ved private fagskular | 49 | 11 | 8 | 68 |
| Kvinner | 253 | 1 | 3 | 257 |
| Menn | 274 | 10 | 5 | 289 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 219 | - | 1 | 220 |
| Snitt skulepengar per student per semester[36] | 0 kr | 2 400 kr | - | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 167 | - | - | 167 |
| Kreativ | 61 | - | - | 61 |
| Samferdsel | 91 | - | - | 91 |
| Teknisk | 121 | - | - | 121 |
| Økonomi- og administrasjon | 73 | 11 | - | 84 |
| Anna | 14 | - | 8 | 22 |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 46 | - | - | 46 |
| Realkompetanse | 98 | 1 | - | 99 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 368 | 10 | 8 | 386 |
| Anna kompetansegrunnlag | 15 | - | - | 15 |

[33] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[34] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[35] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[36] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Oslo

| Fagskular med studentar i fylket[37] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 22 | 22 | 19 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 2 | 2 | 2 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Fagskular med privat eigarskap | 20 | 20 | 17 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 8 | 7 | 7 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 10 | 11 | 9 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 4 | 4 | 3 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[38]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 37 | 41 | 46 |
| Kreativ | 35 | 39 | 33 |
| Samferdsel | 1 | 1 | 1 |
| Teknisk | 19 | 25 | 22 |
| Økonomi- og administrasjon | 43 | 65 | 67 |
| Anna | 9 | 8 | 10 |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 128 213 782 | 168 779 225 | 174 608 073 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | - | - | - |

| Fagskulestudentar[39] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 3 618 | 443 | 2 650 | 6 711 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 1 013 | - | 27 | 1 040 |
| Studentar ved private fagskular | 2 605 | 443 | 2 623 | 5 671 |
| Kvinner | 2 327 | 327 | 1 829 | 4 483 |
| Menn | 1 242 | 116 | 821 | 2 179 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 1 574 | 333 | 1 784 | 3 692 |
| Snitt skulepengar per student per semester[40] | 0 kr | 27 136 kr | 45 410 kr | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 2 200 | - | 98 | 2 298 |
| Kreativ | 77 | 319 | 950 | 1 346 |
| Samferdsel | 173 | - | - | 173 |
| Teknisk | 690 | - | 272 | 962 |
| Økonomi- og administrasjon | 462 | 118 | 1 179 | 1 759 |
| Anna | - | 6 | 151 | 157 |
| Uoppgitt | 16 | - | - | 16 |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 317 | 296 | 1 560 | 2 173 |
| Realkompetanse | 323 | 29 | 467 | 819 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 2 820 | 101 | 376 | 3297 |
| Anna kompetansegrunnlag | 158 | 17 | 247 | 422 |

[37] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[38] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[39] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng for heile året.
[40] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Rogaland

| Fagskular med studentar i fylket[41] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 5 | 5 | 7 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Fagskular med privat eigarskap | 4 | 4 | 6 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 2 | 2 | 3 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 1 | 1 | 2 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 2 | 2 | 2 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[42]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 29 | 31 | 36 |
| Kreativ | 5 | 4 | 3 |
| Samferdsel | 2 | 2 | 2 |
| Teknisk | 22 | 21 | 30 |
| Økonomi- og administrasjon | 7 | 10 | 11 |
| Anna | - | - | - |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 75 073 705 | 82 438 281 | 102 852 591 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | 8 073 282 | 7 330 000 | 2 378 000 |

| Fagskulestudentar[43] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 1 950 | 243 | 150 | 2 343 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 1 166 | 196 | 22 | 1 384 |
| Studentar ved private fagskular | 784 | 47 | 128 | 959 |
| Kvinner | 1 156 | 39 | 36 | 1 231 |
| Menn | 794 | 204 | 114 | 1 112 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 793 | 121 | 113 | 1 027 |
| Snitt skulepengar per student per semester[44] | 0 kr | 4 099 kr | 48 360 kr | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 918 | - | - | 918 |
| Kreativ | - | 37 | 31 | 68 |
| Samferdsel | 76 | - | - | 76 |
| Teknisk | 508 | 196 | 110 | 814 |
| Økonomi- og administrasjon | 448 | 10 | 9 | 467 |
| Anna | - | - | - | - |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 88 | 20 | 61 | 169 |
| Realkompetanse | 364 | 14 | 58 | 436 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 1 481 | 208 | 31 | 1 720 |
| Anna kompetansegrunnlag | 17 | 1 | - | 18 |

[41] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket
[42] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[43] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[44] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Troms og Finnmark

| Fagskular med studentar i fylket[45] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 6 | 3 | 4 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 4 | 2 | 2 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 3 | 2 | 1 |
| Fagskular med privat eigarskap | 2 | 1 | 2 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 4 | 2 | 3 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 1 | - | - |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 1 | 1 | 1 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[46]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 8 | 4 | 7 |
| Kreativ | - | - | - |
| Samferdsel | 3 | 3 | 3 |
| Teknisk | 9 | 14 | 14 |
| Økonomi- og administrasjon | 1 | 1 | 1 |
| Anna | - | - | - |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 33 300 000 | 43 353 633 | 49 256 875 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | 23 185 305 | 23 183 398 | 24 667 000 |

| Fagskulestudentar[47] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 852 | - | - | 852 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 804 | - | - | 804 |
| Studentar ved private fagskular | 48 | - | - | 48 |
| Kvinner | 151 | - | - | 151 |
| Menn | 701 | - | - | 701 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 482 | - | - | 482 |
| Snitt skulepengar per student per semester[48] | 0 kr | - | - | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 102 | - | - | 102 |
| Kreativ | - | - | - | - |
| Samferdsel | 94 | - | - | 94 |
| Teknisk | 637 | - | - | 637 |
| Økonomi- og administrasjon | 19 | - | - | 19 |
| Anna | - | - | - | - |
| Uoppgitt | | | | |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | - | - | - | - |
| Realkompetanse | 11 | - | - | 11 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 841 | - | - | 841 |
| Anna kompetansegrunnlag | - | - | - | - |

[45] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[46] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[47] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[48] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Trøndelag

| Fagskular med studentar i fylket[49] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 11 | 11 | 13 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 4 | 3 | 4 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 3 | 3 | 3 |
| Fagskular med privat eigarskap | 7 | 8 | 9 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 6 | 4 | 7 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 4 | 6 | 5 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 1 | 1 | 1 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[50]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 18 | 17 | 20 |
| Kreativ | 2 | 3 | 4 |
| Samferdsel | 4 | 6 | 4 |
| Teknisk | 31 | 51 | 52 |
| Økonomi- og administrasjon | 8 | 16 | 18 |
| Anna | 4 | 3 | 3 |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 67 856 049 | 96 790 888 | 111 627 540 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | 10 474 499 | 14 100 000 | 13 000 000 |

| Fagskulestudentar[51] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 1 702 | 67 | 321 | 2 090 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 1 258 | 19 | - | 1 277 |
| Studentar ved private fagskular | 444 | 48 | 321 | 813 |
| Kvinner | 465 | 30 | 139 | 634 |
| Menn | 1 237 | 37 | 182 | 1 456 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 914 | 1 | 168 | 1 082 |
| Snitt skulepengar per student per semester[52] | 0 kr | 3 936 kr | 53 933 kr | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 304 | - | - | 304 |
| Kreativ | - | - | 75 | 75 |
| Samferdsel | 120 | - | - | 120 |
| Teknisk | 1 053 | 6 | 195 | 1 254 |
| Økonomi- og administrasjon | 129 | 48 | 51 | 228 |
| Anna | 96 | 13 | - | 109 |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 96 | - | 132 | 228 |
| Realkompetanse | 119 | 13 | 48 | 180 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 1 484 | 54 | 44 | 1 582 |
| Anna kompetansegrunnlag | 3 | - | 97 | 100 |

[49] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[50] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[51] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[52] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Vestfold og Telemark

| Fagskular med studentar i fylket[53] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 11 | 10 | 11 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 3 | 3 | 3 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 2 | 2 | 2 |
| Fagskular med privat eigarskap | 8 | 7 | 8 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 4 | 1 | 3 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 6 | 8 | 7 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 1 | 1 | 1 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[54]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 25 | 27 | 34 |
| Kreativ | 2 | - | - |
| Samferdsel | 8 | 7 | 6 |
| Teknisk | 17 | 21 | 20 |
| Økonomi- og administrasjon | 3 | 18 | 18 |
| Anna | 1 | - | - |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 68 187 083 | 86 139 804 | 98 035 128 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | - | - | - |

| Fagskulestudentar[55] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 1 873 | 66 | 488 | 2 427 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 1 246 | 6 | - | 1 252 |
| Studentar ved private fagskular | 627 | 60 | 488 | 1 175 |
| Kvinner | 667 | 28 | 165 | 860 |
| Menn | 1 206 | 38 | 323 | 1 567 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 844 | 2 | 297 | 1 143 |
| Snitt skulepengar per student per semester[56] | 0 kr | 3 975 kr | 19 367 kr | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 478 | - | 75 | 553 |
| Kreativ | - | - | - | - |
| Samferdsel | 30 | - | 339 | 369 |
| Teknisk | 986 | 6 | - | 992 |
| Økonomi- og administrasjon | 259 | 60 | - | 319 |
| Anna | - | - | - | - |
| Uoppgitt | 120 | - | 74 | 194 |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 1 | 18 | 264 | 283 |
| Realkompetanse | 244 | 5 | 93 | 342 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 1 620 | 43 | 34 | 1 697 |
| Anna kompetansegrunnlag | 8 | - | 97 | 105 |

[53] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[54] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[55] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[56] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Vestland

| Fagskular med studentar i fylket[57] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 9 | 12 | 11 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 4 | 5 | 5 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 2 | 3 | 2 |
| Fagskular med privat eigarskap | 5 | 7 | 6 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 3 | 6 | 6 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 5 | 5 | 4 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 1 | 1 | 1 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[58]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 18 | 17 | 15 |
| Kreativ | 12 | 14 | 13 |
| Samferdsel | 8 | 5 | 5 |
| Teknisk | 39 | 47 | 38 |
| Økonomi- og administrasjon | 5 | 8 | 6 |
| Anna | 3 | 4 | 5 |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 122 379 188 | 145 014 927 | 162 962 056 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | 21 110 196 | 21 405 000 | 22 979 000 |

| Fagskulestudentar[59] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 1 111 | 1 297 | 426 | 2 834 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 822 | 1 214 | - | 2 036 |
| Studentar ved private fagskular | 289 | 83 | 426 | 798 |
| Kvinner | 373 | 184 | 204 | 761 |
| Menn | 738 | 1 113 | 222 | 2 073 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 852 | 454 | 378 | 1 685 |
| Snitt skulepengar per student per semester[60] | 0 kr | 3 705 kr | 57 639 kr | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 277 | 14 | 4 | 295 |
| Kreativ | - | 59 | 319 | 378 |
| Samferdsel | 188 | - | - | 188 |
| Teknisk | 489 | 1 149 | 86 | 1 724 |
| Økonomi- og administrasjon | 123 | 24 | 17 | 164 |
| Anna | 34 | 51 | - | 85 |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 28 | 48 | 329 | 405 |
| Realkompetanse | 122 | 82 | 31 | 235 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 935 | 1 165 | 51 | 2 151 |
| Anna kompetansegrunnlag | 26 | 2 | 15 | 43 |

[57] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[58] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[59] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[60] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av resten av sektoren.

## Viken

| Fagskular med studentar i fylket[61] | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Fagskular | 10 | 12 | 11 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 3 | 3 | 3 |
| Av desse fylkeskommunal eigarskap | 2 | 2 | 2 |
| Fagskular med privat eigarskap | 7 | 9 | 8 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 2 | 4 | 5 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 6 | 6 | 4 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 2 | 2 | 2 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde[62]** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Helse og velferd | 39 | 47 | 58 |
| Kreativ | 3 | 4 | 4 |
| Samferdsel | - | - | - |
| Teknisk | 43 | 49 | 57 |
| Økonomi- og administrasjon | 32 | 45 | 65 |
| Anna | 3 | 5 | 6 |
| **Økonomi og styring** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen | 103 964 149 | 129 953 057 | 159 552 770 |
| Tilskot frå fylkeskommunens frie midlar | 15 107 258 | 61 206 000 | 44 609 902 |

| Fagskulestudentar[63] | Offentleg finansiert | Delvis offentleg finansiert | Finansiert av skulepengar | Total 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Studentar | 1 941 | 1 400 | 822 | 4 163 |
| Studentar ved offentlege fagskular | 1 305 | 1 275 | 24 | 2 604 |
| Studentar ved private fagskular | 636 | 125 | 798 | 1 559 |
| Kvinner | 1 198 | 427 | 489 | 2 114 |
| Menn | 743 | 973 | 333 | 2 049 |
| Studiepoengproduksjon (SPE) | 891 | 437 | 149 | 1 477 |
| Snitt skulepengar per student per semester[64] | 0 kr | 4 448 kr | 20 202 kr | - |
| **Fagskulestudentar fordelt på fagområde** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Helse og velferd | 1 051 | 199 | - | 1 250 |
| Kreativ | - | 75 | - | 75 |
| Samferdsel | - | - | - | - |
| Teknisk | 532 | 857 | 98 | 1 487 |
| Økonomi- og administrasjon | 272 | 168 | 723 | 1 163 |
| Anna | - | 101 | - | 101 |
| Uoppgitt | 86 | - | 1 | 87 |
| **Opptaksgrunnlag** | **Offentleg finansiert** | **Delvis offentleg finansiert** | **Finansiert av skulepengar** | **Total 2022** |
| Generell studiekompetanse | 15 | 91 | 232 | 338 |
| Realkompetanse | 349 | 487 | 277 | 1 113 |
| Yrkesfagleg kompetanse | 1 544 | 809 | 262 | 2 615 |
| Anna kompetansegrunnlag | 33 | 13 | 51 | 97 |

[61] Talet inkluderer fagskular med registrert studiestad i fylket.
[62] Talet inkluderer studie- og utdanningstilbod med aktive studentar.
[63] Talet inkluderer aktive studentar som er registrert på ein studiestad i fylket, og som går på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1.oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[64] Snitt skulepengar er rekna ut frå skulepengar rapportert for vitnemålsgjevande utdanning over 30 studiepoeng for haustsemesteret 2022. Ekskludert luftfartsfaga på grunn av få studentar og svært høg studentbetaling, noko som gir eit skeivt bilete av sektoren.

# 6 Litteraturliste


Alfsen, C., & Storli, R. (2020). *Opptak til fagskoleutdanning på grunnlag av realkompetanse – Veiledning*. Kompetanse Norge. https://www.kompetansenorge.no/statistikk-og-analyse/publikasjoner/opptak-til-hoyere-yrkesfaglig-utdanning-pa-grunnlag-av-realkompetanse/

Alne, R., Vika, K. S., & Høst, H. (2023). *Høy arbeidsmarkedsrelevans i fagskoleutdanningene. Kandidatundersøkelse for fagskoleutdannede i 2019 og 2020* (NIFU-rapport 2023:3). NIFU. https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/3054384

Deloitte. (2022a). *Evaluering av fagskolemeldingen. Andre delrapport – finansieringssystemet*. https://nor.deloitte.com/rs/712-CNF-326/images/Fagskolemeldingenandre-delrapport-finansieringssystemet.pdf

Deloitte. (2022b). *Evaluering av fagskolemeldingen. Måloppnåelse og virkninger av tiltak i fagskolemeldingen - sluttrapport*. https://www2.deloitte.com/no/no/innsikt/evalueringer/fagskolemeldingen-evaluering-sluttrapport.html

Lov om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven), (2018). https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-08-28

Furholt, J., & Amundsen, G. Y. (2023). *Kvalifikasjonar på ramme alvor* (4-2023). https://www.nokut.no/norsk-utdanning/nasjonalt-kvalifikasjonsrammeverk-for-livslang-laring/evaluering-av-nasjonalt-kvalifikasjonsrammeverk-for-livslang-laring/

HK-dir. (2022a). *Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2022*. Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. https://hkdir.no/rapportar/tilstandsrapport-for-hoegare-yrkesfagleg-utdanning-2022

HK-dir. (2022b). *Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning, vedlegg 2022*. Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2022

HK-dir. (2023). *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2023* (Rapport nr. 2/2023). Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. https://hkdir.no/rapportar/tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2023

Kompetansebehovsutvalget. (2022). *Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring* (Temarapport, Issue 1).

https://kompetansebehovsutvalget.no/wp-content/uploads/2022/06/KBU-temarapport-2022.pdf

Meld. St. 9 (2016–2017). *Fagfolk for fremtiden — Fagskoleutdanning*. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-9-20162017/id2522412/

Meld. St. 14 (2019-2020). *Kompetansereformen – Lære hele livet*. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20192020/id2698284/

Meld. St. 14 (2022–2023). *Utsyn over kompetansebehovet i Norge*. Kunnskapsdepartementet. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20222023/id2967608/

Mesterbrevloven. (2021). *Lov om mesterbrev i håndverk og annen næring [mesterbrevloven]*. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1986-06-20-35

Schønfeldt, E. (2018). *Kunsten å lære. Råd og tips til studieteknikk for bedre forståelse og læring*. https://www.universell.no/fagskoler/kunsten-aa-laere/

UHR. (2021). *Dobbeltkompetanse; yrkesfaglig og forskningsbasert Overgang mellom teknisk fagskoleutdanning og bachelor i ingeniørfag*. https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/ua/2021/dobbeltkompetanse-yrkesfaglig-og-forskningsbasert_2021.pdf

Universell. (2019). *Inkludering og tilrettelegging i fagskolen* (Universellrapport 1:2019). https://www.universell.no/fagskoler/inkludering-og-tilrettelegging-i-fagskolen/

Universell. (2020). *Dysleksi i fagskolen – en veileder til individuell tilrettelegging*. https://www.universell.no/fagskoler/dysleksi-i-fagskolen-en-veileder-til-individuell-tilrettelegging/

Direktoratet for
høgare utdanning
og kompetanse

post@hkdir.no hkdir.no